

2018

ÅRSRAPPORT FINNØY KOMMUNE



*”Dei lyse og levande øyane
Saman for folk i Finnøy”*

Årsrapport 2018

Innhald

1	Årsberetning.....	4
1.1	Kommentarar frå rådmannen.....	4
1.2	Finnøy kommune som arbeidsgjevar.....	6
1.2.1	Halde på og rekruttera gode medarbeidarar.....	6
1.2.2	Sjukefråvær.....	6
1.2.3	Leing.....	7
1.2.4	Løn og lønspolitikk.....	7
1.2.5	Seniorpolitikk og pensjon.....	8
1.2.6	Likestilling.....	8
1.2.7	Nye Stavanger.....	8
1.3	Økonomi.....	8
1.3.1	Drift pr. avdeling/tenesteområde.....	9
1.3.2	Investeringar.....	10
1.4	Rammevilkår.....	10
1.4.1	Innbyggjarvekst.....	10
1.4.2	Statlege rammetildelingar m.m.....	10
2	Årsrekneskapen 2018.....	12
2.1	Omtale av årsrekneskapen 2018 for Finnøy kommune.....	12
2.1.1	Driftsrekneskapen.....	12
2.1.2	Investeringar.....	13
2.1.3	Balansen.....	13
2.2	Hovudtal.....	14
2.3	Økonomiske måltal.....	14
2.4	Hovudoversikt – drift.....	15
2.5	Rekneskapsskjema 1A – drift.....	16
2.6	Rekneskapsskjema 1B – drift.....	16
2.7	Hovudoversikt – investering.....	18
2.8	Rekneskapsskjema 2A – investering.....	18
2.9	Rekneskapsskjema 2B – investering.....	19
2.10	Hovudoversikt balanse.....	20
2.11	Fondsoversikt.....	21
3	Fellestenester.....	22
3.1	Økonomi.....	22

3.2	Rapportering på tiltak 2018.....	23
3.3	Vurdering og oppsummering av driftsåret for Fellestenester	23
3.3.1	Organisering og leing.....	23
3.4	Utfordringar framover.....	24
4	Oppvekst.....	25
4.1	Økonomi.....	25
4.2	Rapportering på tiltak 2018.....	26
4.2.1	Investeringar.....	26
4.3	Vurdering og oppsummering av driftsåret for Oppvekst	27
4.3.1	Organisering og leing.....	27
4.3.2	Barnehage.....	29
4.3.3	Undervisning.....	29
4.3.4	Kultur	30
4.3.5	Ungdomsrådet.....	30
4.4	Utfordringar framover.....	30
5	Helse og omsorg.....	31
5.1	Økonomi.....	31
5.2	Rapportering på tiltak 2018.....	31
5.3	Vurdering og oppsummering av driftsåret for Helse og omsorg	32
5.3.1	Organisering og leing.....	32
5.3.2	Førebyggjande tenester	32
5.3.3	Behandlande tenester	34
5.3.4	Heildøgns omsorgstenester.....	35
5.3.5	Tenester organisert frå NAV.....	35
5.3.6	Flyktningar	35
5.4	Utfordringar framover.....	36
6	Plan og forvaltning.....	37
6.1	Økonomi.....	37
6.1.1	Nærare om vatn og avløp (VA).....	37
6.2	Rapportering på tiltak 2018.....	39
6.3	Vurdering og oppsummering av driftsåret for Plan og forvaltning	39
6.3.1	Organisering og leing.....	39
6.3.2	Planarbeid.....	39
6.3.3	Byggesak og deling	40
6.3.4	Landbruk.....	40

6.3.5	Næring	41
6.4	Utfordringar framover	42
7	Investeringar	43
7.1	Vedtekne investeringar	43
7.1.1	Investeringar	43
7.1.2	Investeringar - vatn og avløp	45
8	Vedlegg	46
8.1	Vedlegg 1: Signert årsrekneskap med noter	46
8.2	Vedlegg 2: Revisjonsberetning 2018 frå Rogaland revisjon IKS	46

1 Årsberetning

1.1 Kommentarer frå rådmannen

Innleiing

Årsrapporten 2018 er ei tilbakemelding frå administrasjonen til innbyggjarane og dei folkevalde i Finnøy kommune om bruk av ressursar frå budsjettet for 2018. I tillegg blir det peika på hovudutfordringar i framtida.

For å gjere rapporten lett å lese, er oppbygginga for kvart tenestoområde bygd etter same mal. Aktivitet og resultat på avdelingsnivå blir presentert i tråd med organisasjonskartet på tenestoområda.

Kommunane vedtar to ulike budsjett: driftsbudsjett og investeringsbudsjett. Overskotet på driftsbudsjettet over tid blir brukt til å finansiere investeringar. KS (Kommunesektoren sin organisasjon) tilrår at netto driftsresultat i ein sunn kommuneøkonomi bør vera 2,0 % eller høgare. Netto driftsresultat for 2018 i Finnøy kommune er på kr 33,8 mill. Dette tilsvarar 9,74 % og er svært gledeleg når ein ser det opp mot budsjettet negativt driftsresultatet på - 3,1 %. Det høge driftsresultatet skuldast i all hovudsak inntekter frå havbruksfondet. Driftsrekneskapen viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 5,55 mill.

Høgt nærvær og låg arbeidsløyse

Finnøy kommune har det siste året fått svært gode resultat på sitt arbeid for eit lågt sjukefråvær. Resultatet for 2018 ligg med 4 % godt under landsgjennomsnittet. Sjukefråvær er ein viktig indikator på kor «sunn» organisasjonen er og om kommunen har føresetnad for å levere gode tenester. Resultatet for kommune-Noreg samla var i 2018 9,9 % fråvær (Statistisk sentralbyrå). Dette betyr at 9 400 arbeidstakarar er borte i kommunal sektor kvar einaste dag.

Arbeidsløysa i kommunen har gått vidare ned i 2018. Ved utgangen av 2018 var 2,3 % av arbeidsstyrken i Finnøy arbeidsledige, mot 2,4 % ved utgangen av 2017. Arbeidsløysa var i snitt lågare i 2018 enn i 2017. Finnøy kommune har eit lågt tal arbeidsledige samanlikna med nabokommunar.

Hovudutfordringar framover

Rådmannen ser dei største utfordringane framover knytt til berekraftig økonomi, befolkningsvekst, kompetanse og kapasitet.

Netto folkevekst i Finnøy hadde ein nedgang på 1,5 %. Ved utgangen av året var det 47 innbyggjarar færre enn i 2017. Utviklinga med redusert vekst er i tråd med det vi ser i resten av regionen. Prognoser syner at veksten vil bli lågare også dei neste åra. Dette vil ikkje ha fått betydning for netto driftsresultat isolert sett i 2018, men ville gitt grunnlag for betydelege driftstilpassingar på lang sikt dersom ein skulle halde fram som eigen kommune.

Finnøy kommune går inn i ein viktig siste fase av arbeidet med nye Stavanger. KST-040/16 - «Kommunestruktur - endeleg vedtak» - inneber etablering av Nye Stavanger kommune frå 01.01.2020. Vedtaket bygger på intensjonsavtalen som i sitt kapittel om økonomi seier at: «Hovedlinjene i kommunenes økonomiplaner legges til grunn, frem til ny kommune er på plass». Det

ligg til grunn at Finnøy kommune skal syte for forsvarleg og berekraftig økonomiforvaltning fram til samanslåinga. Dette gjeld både endringar i driftsnivået i økonomiplanperioden og nivået på investeringar. Finnøy kommune si høge lånegjeld i fleire år vil avgrensa det økonomiske handlingsrommet om vi ser på kommunen isolert.

Å drifte Finnøy kommune samtidig som vi bygger ein ny kommune utfordrar oss dagleg i prioritering av oppgåver. Rådmannen vil i tida fram mot 2020 vere opptatt av å ha eit nært og ope samarbeid med dei folkevalde og med medarbeidarar på alle nivå i organisasjonen. Utgangspunktet for rådmannen er visjonen i Finnøy kommune «Saman for folk i Finnøy». Det er fellesskapet sitt beste som er rettesnor i arbeidet vårt.

Takk til tilsette

Rådmannen ønskjer å trekkja fram alt det gode arbeidet som vert gjort av medarbeidarar i Finnøy kommune kvar dag, og rettar med dette ei stor takk for innsatsen i driftsåret 2018. Det gode arbeidet er sjølve kjernen i oppdraget vi har som kommune. Rådmannen vil særskilt trekke fram dei tillitsvalde for deira medverknad i å formidle eit realistisk bilete av utfordringar og drift, og for å bidra til å skape arbeidsglede i organisasjonen. Dette har vore ekstra krevjande og ekstra viktig i 2018 der vi har drifta Finnøy kommune samtidig som vi byggjer ein ny stor organisasjon i nye Stavanger.

Finnøy 29. mars 2019

Karin Dokken Austvik
rådmann

1.2 Finnøy kommune som arbeidsgjevar

Av tabellen under ser ein at verksemda Finnøy kommune ved utgangen av året 2018 hadde 257,55 årsverk, fordelt på 344 tilsette. Dette er ei auke på drygt 5 årsverk frå året før, noko som samla utgjør ein auke på ca. 2 %. Auken er i hovudsak knytt til tenesteproduksjonen innan Helse og omsorg og Oppvekst. Endringa på Plan og forvaltning skyldast tilbakeføring av vaktmeistrane ut til einingane.

Tenesteavdeling	2017		2018	
	Antal tilsette pr. 31.12.17	Årsverk pr. 31.12.17	Antal tilsette pr. 31.12.18	Årsverk pr. 31.12.18
Rådmann (100-140)	14,00	12,30	12,00	12,25
Oppvekst (200-220) +(500-510)	166,00	127,31	171,00	134,70
Helse og omsorg 300-320	144,00	95,46	151,00	101,20
Plan og forvaltning (600-620)	19,00	17,33	10,00	9,40
Sum	343,00	252,40	344,00	257,55

Tabell 1: Årsverk

I 2017 vedtok administrasjonsutvalet lokale retningslinjer for heiltidskultur, og dette gir resultat: I 2016 var gjennomsnittleg stilling i Finnøy kommune 72 %, i 2017 auka dette til 73 % stilling og i 2018 er gjennomsnittleg stillingsstørrelse på heile 74,8 %.

1.2.1 Halde på og rekruttera gode medarbeidarar

Sjølv om Finnøy går inn i siste året som eigen kommune vil det være behov for å halde på og rekruttere tilsette med relevant kompetanse innan dei ulike einingane. Ein treng tilsette som ønskjer å gi gode tenester på arbeidsplassar prega av tydeleg, ansvarleg og heilskapsorientert leiing. Dette lukkast vi med viss vi har kompetente og myndiggjorte medarbeidarar som opplever høg grad av tillit, noko som igjen skaper trivsel og godt omdømme.

Rammene for at einingane i Finnøy kommune skal gi gode tenester og utvikle gode arbeidsplassar har kommunestyret og administrasjonsutvalet lagt: gjennom vedtekne budsjett, delegasjon til rådmannen, arbeidsgivarpolitiske reglement, årlege innspel til KS sitt debatthefte og andre personalpolitiske vedtak.

Gjennom eit av prosjekta under Nye Stavanger (verksemdsoverdraging), arbeider administrasjonane i dei tre kommunane saman med dei prosjekttillitsvalte med tiltak for å harmonisera løn og ulike personalpolitiske retningslinjer. Dette arbeidet skal sikre at alle deler i den nye kommunen får gode føresetnader for å halde på og rekruttera gode medarbeidarar.

1.2.2 Sjukefråvær

For landet sett under eitt har samla sjukefråvær dei siste ti åra variert frå 6,5 % til 7,5 %, viser tal frå Statistisk sentralbyrå. I kommunane er sjukefråværet høgare og har over fleire år vore på rundt 10 %.

Finnøy kommune med sitt sjukefråvær på 4 % er det lågaste kjente for kommunen, og ligg godt under landsgjennomsnittet. Siste kvartal 2018 har likevel fråværet tatt til å stige noko, samanlikna med resten av året. Dette viser at organisasjonen må halde oppe fokuset på sjukefråvær og komande år.

Tenesteavdeling	2018				2017			
	Moglege dagsverk	Fråvær 1-16 dagar	Fråvær over 16 dagar	Totalt fråvær (i %)	Moglege dagsverk	Fråvær 1-16 dagar	Fråvær over 16 dagar	Totalt fråvær (i %)
Rådmann (100-140)	2 832,20	23,10	60,30	2,9 %	2 877,90	12,10	88,00	3,5 %
K.sjef Opp./Bh/vaksen (200 +210)	626,70	1,80	0,00	0,3 %	1 069,30	23,40	7,80	2,9 %
Finnøy sentralskule (211)	14 113,70	158,60	199,20	2,5 %	12 060,70	135,80	264,80	3,3 %
Fogn oppvekstsenter (212)	2 153,50	32,20	35,00	3,1 %	1 842,30	16,80	57,20	4,0 %
Ombo oppvekstsenter (214)	1 470,50	8,90	6,40	1,0 %	1 886,00	54,50	147,30	10,7 %
Sjernerøy oppvekstsenter (215)	1 930,60	37,20	10,00	2,4 %	2 070,50	35,00	107,00	6,9 %
Hagatoppen barnehage (217)	3 923,60	121,70	128,40	6,4 %	911,90	25,40	15,60	4,5 %
Talgje barnehage (216)	780,80	42,00	51,30	11,9 %	3 801,20	130,40	44,80	4,6 %
Finnøy musikk- og kulturskule (220)	461,00	4,10	0,00	0,9 %	626,60	1,20	0,00	0,2 %
Bibliotek (510)	250,30	0,00	0,00	0,0 %	188,30	0,00	0,00	0,0 %
Oppvekst (200-220)	25 710,70	406,50	430,30	3,3 %	24 456,80	422,50	644,50	4,4 %
K.sjef Helse + NAV (300-301)	783,00	0,00	23,00	8,8 %	1 163,80	21,50	27,00	8,8 %
Heimetenesta (304)	3 707,10	45,60	295,80	9,2 %	3 199,20	82,00	162,60	9,2 %
Pleie/omsorg (305)	6 904,40	155,50	119,00	4,0 %	6 697,40	258,10	597,00	4,0 %
Helseteneste (310)	2 565,70	49,50	18,60	2,7 %	2 088,80	56,60	34,90	2,7 %
Service og vedlikehald (315)	1 513,80	13,00	0,00	0,9 %	1 222,80	39,60	53,00	0,9 %
Faatonet (320)	4 344,70	111,90	165,60	6,4 %	4 157,70	159,90	290,60	6,4 %
Helse og omsorg (300-320)	19 818,70	375,50	622,00	5,0 %	18 529,70	617,70	1 165,10	9,6 %
Plan for forvaltning (600)	1 600,80	41,00	30,00	4,4 %	1 777,50	81,30	144,60	12,7 %
Drift og utbygging (610)	689,00	1,50	18,00	2,8 %	1 955,70	50,50	203,50	13,0 %
Sum	50 651,40	847,60	1 160,60	4,0 %	49 597,60	1 184,10	2 245,70	6,9 %

Finnøy kommune jobbar systematisk med sjukefråvær, og har fått mykje positiv merksemd for sitt arbeid med tilrettelegging og oppfølging av sjukemeldte. I 2018 fekk kommunen iQubeS Helse sin HMT-pris for førebyggjande sjukefråvær og HMT-arbeid, i tillegg har www.idebanken.org skrive sak om det rekordlåge sjukefråværet i Finnøy kommune.

1.2.3 Leiling

I løpet av året 2018 har Finnøy kommune halde oppe det kontinuerlege arbeidet med å byggje opp og utvikle gode arbeidsmiljø. For å utvikle gode arbeidsmiljø er god leiling avgjerande. God leiling bidreg igjen til å kunne rekruttere og halde på gode medarbeidarar. Samla sett gir dette gode tenester til innbyggjarane i Finnøy.

Følgjande tiltak er gjennomførde i 2018:

- Møter i rådmannen si leiargruppe kvar veke
- Møter i leiargruppene i tenesteområda om lag månadleg
- Samlingar med einingsleiarar i utvida leiargruppe fire gonger årleg
 - IA-dag med tema omstilling
 - Leiarsamling med tema budsjett- og økonomiplanprosess, hovudtillitsvalde deltok
 - Leiarsamling med tema
- Leiarsamling for leiarar i nye Stavanger kommune

I 2018 har ein hatt fokus på nærvær, arbeidsmiljø og helsefremmande arbeidsplassar. Dette arbeidet resulterte i at Finnøy kommune fekk bedriftshelsetenesta IQUBE sin HMS-pris for arbeidet.

1.2.4 Løn og lønspolitikk

HTA (Hovudtariffavtalen) mellom KS og partane gjeld også for Finnøy kommune. Siste HTA gjeld perioden 01.05.2018 - 30.04.2020. I tillegg har Finnøy kommune også ein lønspolitisk plan. Den siste utgåva blei tatt i bruk hausten 2016, og vedlegg blir revidert jamleg.

Hausten 2018 blei det gjennomført lokale forhandlingar for tilsette i kapittel 3 og 5. Dette gjeld i hovudsak leiarar og rådgivarar som får all løn fastsett lokalt. Tilsette i HTA kapittel fekk all lønsauke i sentralt oppgjer, som vart avtala før sommaren.

I samband med etableringa av Nye Stavanger er lønnsnivået i dei tre kommunane er kartlagd. Kartlegginga viser at det no er liten skilnad i løn mellom tilsette som får løn fastsett gjennom sentrale forhandlingar. Det er noko skilnad på stillingar på leiar- og rådgjevarnivå. Men denne er mindre no enn tidlegare, og det blir lagt fram ein plan for lønsharmonisering for Fellesnemnda i løpet av året.

1.2.5 Seniorpolitikk og pensjon

Finnøy kommune hadde i 2018 senioravtalar med 26 tilsette. Ein senioravtale er ein avtale mellom arbeidsgjevar og den tilsette om at vedkomande skal stå i arbeid eit heilt kalenderår etter fylte 62 år. Om partane ønskjer det vert det gjort ny avtale kvart år, fram til 67 år. Avtalen gir ulike typar tiltak som t.d. fleire fridagar, innkjøp av hjelpemiddel, vikarordning og bonus etter fullført avtale. Målet er å få fleire seniorar til å stå lengre i arbeidslivet og med det nytte deira kompetanse vidare.

Det er òg i 2018 inngått arbeidsavtalar på pensjonistvilkår. Arbeid på pensjonistvilkår vil seie at pensjonisten kan, under somme vilkår, arbeide fritt utan avkorting på pensjon. Pensjonistløn er frå 01.05.2018 kr 201,- pr. time uavhengig av arbeid eller utdanning.

1.2.6 Likestilling

Det var 344 tilsette i Finnøy kommune pr. 31.12.2018. Av desse var 286 kvinner og 58 menn. Leiargruppa til rådmannen var pr. 31.12.2018 på fem personar; tre kvinner og to menn. Av einingsleiarane var det ved utgangen av året sju kvinner og fire menn.

I samband med rekruttering viser kommunen i utlysingsteksten til at arbeidsstokken skal spegla mangfaldet i befolkninga, og at vi difor oppfordrar alle kvalifiserte kandidatar til å søkje på stillingar hjå oss.

1.2.7 Nye Stavanger

Bygginga av Nye Stavanger var ei hovudutfordring med omsyn til administrativ kapasitet i 2018. Prosjektorganisasjonen for Nye Stavanger og Stavanger kommune stod for hovuddelen av arbeidet, men Finnøy kommune bidrog på ei rekkje område for å sikre «Finnøy-perspektivet» i bygging av den nye kommunen. Finnøy kommune bidrog i dei fleste av meir enn 25 omfattande prosjekt. Mange tilsette i organisasjonen har vore involvert i prioriterte prosjekt for etablering av Nye Stavanger.

1.3 Økonomi

Kommentaren frå rådmannen gir eit samla oversyn og kommenterer rekneskapen sett i høve til drifta i 2018 og gjeldande budsjett. Gjennom året har rådmannen lagt fram økonomirapport for 1. og 2. tertial der rådmannen har gitt prognose for tenesteområda sitt forbruk ved årsslutt. Budsjettregulering er føretatt i juni i sak KST-31/18 og i oktober i sak KST-48/18.

Driftsrekneskapen for 2018 syner eit netto driftsresultat på kr 33,8 mill., tilsvarande 9,74 % av samla driftsinntekter. Finnøy kommune har eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 5,55 mill. mot eit mindreforbruk på kr 0,95 mill. i regulert budsjett.

Frie inntekter (skatt og rammetilskot) i 2018 er på kr 207 mill., som er kr 2,5 mill. kroner over regulert budsjett. I regulert budsjett la ein til grunn ein lokal negativ skattevekst på 0,6 %. Samla skatteinngang til Finnøy kommune i 2018 blei kr 90,3 mill. Nivået er kr 3,5 mill. lågare (- 3,7 %) samanlikna med 2017 og kr 2,9 mill. lågare enn regulert budsjett 2018.

Den samla skatteinngangen til kommunane i landet blei på 3,8 % mot en anslått vekst på 2,4 %. Auken i nasjonal inngang medfører lågare skatteutjamning for Finnøy kommune og dermed høgare frie inntekter enn budsjettert.

I tillegg tildelte Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) ekstra skjønsmiddel m.m. i desember. Dette førte til at Finnøy sine inntekter auka med om lag kr 2,2 mill. meir enn budsjettert. Desse frie inntektene har motpost i auka kostnader, i hovudsak til brannen på Ombo med i overkant av kr 2 mill.

Avrekninga av premieavvik mot KLP og SPK og amortisering av tidlegare års premieavvik ga i rekneskapen for 2018 ein positiv verknad på om lag kr 1,6 mill. Dette utgjør 0,5 prosentpoeng av brutto driftsinntekter i 2018.

Finnøy kommune fekk i 2018 tildelt kr 45,8 mill. frå havbruksfondet. Stor uvisse knytt til fondet si innretning, omfang av auksjonar og tidspunkt for utbetaling gjorde at Finnøy kommune ikkje budsjetterte med desse inntektene for 2018. Dette forholdet blei budsjettregulert i samband med 2. tertial då inntektene var kjende.

I løpet av 2018 er det sett av kr 35,8 mill. til disposisjonsfond. Mindreforbruk frå 2017 utgjorde om lag kr 5 mill. av desse. Det blei vedteke i kommunestyret i april, sak KST-011/18, at mindreforbruket skulle avsetjast på disposisjonsfond utan at dette blei budsjettregulert. Det er tappa kr 1,2 mill. frå disposisjonsfondet til ulike føremål i tråd med kommunestyret sine vedtak.

1.3.1 Drift pr. avdeling/tenesteområde

Rekneskapen syner at Finnøy kommune har nytta om lag kr 9,2 mill. (3,86 %) mindre til drift enn det som vart lagt til grunn i budsjett. Prognosen i økonomirapporten pr. 2. tertial viste eit venta meirforbruk på kr 0,15 mill. Årsaker til at rekneskapen enda med mindreforbruk er knytt til utgifter til breibandutbygging som ikkje vert fakturert innan årsavslutninga, meirinntekter på byggesak og vakante stillingar.

Forbruk pr. avdeling/tenesteområde

Tenesteområde	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Forbruk i %	Avvik (kr)	Avvik i %
Fellestenester	35 852 027	40 337 907	23 792 165	88,9 %	4 485 886	
Oppvekst	91 100 943	92 713 196	88 186 121	98,3 %	1 612 257	
Helse og omsorg	92 310 653	93 213 554	78 193 819	99,0 %	902 904	
Plan og forvaltning	10 765 297	13 010 473	16 434 776	82,7 %	2 245 178	
Sum tenesteavdelingane	230 028 920	239 275 130	206 606 881	96,1 %	9 246 225	3,86 %

Tabell 3: Forbruk per avdeling/tenesteområde

Fellestenester; rådmann (ansvar 100), politikk (ansvar 110) og ymse (ansvar 140) kjem samla ut om lag i tråd med budsjett. Mindreforbruket på kr 4,5 mill. er knytt til reelle utgifter (tilskot til breibandutbygging) som ikkje vert fakturert før i 2019.

Oppvekst har eit mindreforbruk på om lag kr 1,6 mill. Barnehagesektoren syner mindreforbruk.

Helse og omsorg har samla eit mindreforbruk på om lag kr 0,9 mill. Pleie og omsorgssenteret (ansvar 304/305) har eit forbruk på om lag kr 43,6 mill. samla. Her vart det i økonomirapporten for 2. tertial varsla eit meirforbruk på om lag kr 0,45 mill.

Plan og forvaltning omhandlar også drift og utbygging (ansvar 610) og VA (ansvar 620) og syner samla mindreforbruk på om lag kr 2,2 mill. Mindreforbruket på om lag kr 2,1 mill. for plan og forvaltning (ansvar 600) heng i hovudsak saman med meirinntekter på byggesak, vakante stillingar samt sjukerefusjon. Drift og bygg (ansvar 610) enda med tilnærma balanse mellom rekneskap og budsjett.

1.3.2 Investeringar

Finnøy kommune investerte for kr 13,2 mill. i 2018, mot eit budsjett for investeringar på kr 20 mill. Dei største investeringane var oppgradering slamavskiljar på Judaberg og vassutbygging på Sjernarøy. Blant andre investeringar er utbygging av pleie- og omsorgssenteret, nærmiljøanlegg Sjernarøy oppvekstsenter, sykkelskur på Fogn oppvekstsenter og nytt leikeapparat til Talgje barnehage.

Finnøy kommune har i 2018 seld eigedomar for om lag kr 2,4 mill. Heile beløpet er knytt til sal av næringsarealet på Ladstein.

Eigenfinansieringsgraden for investeringsprosjekt gjennomført i 2018 blei 26,4 %, som er noko høgare enn budsjettet.

Kommunen si ordinære lånegjeld var på kr 252 mill. I tillegg kjem startlån som ved utgangen av 2018 var på kr 56 mill. Gjeldsgrad eksklusivt startlån var på 72,65 % i 2018.

1.4 Rammevilkår

1.4.1 Innbyggjarvekst

Folketalet per 01.07.2017 ligg i all hovudsak til grunn for staten sine rammeoverføringar til kommunane. Folketalet var då 3254 i Finnøy, talet vart innarbeidd i rådmannen sitt budsjettunderlag for 2018.

For småkommunetilskotet ligg folketalet per 01.01.2017 til grunn og med 3235 innbyggjarar låg Finnøy over grenseverdiene, jamfør vekst i føregåande år. For skatteutjamninga ligg folketalet per 01.01.2018 til grunn med 3197 innbyggjarar. Ved utgangen av 2018 var folketalet gått ytterlegare ned til 3150. Det er ein nedgang på 1,5 % i 2018. Rogaland fylke si befolkning voks med 0,45 % og Noreg si med 0,6 % i 2018.

1.4.2 Statlege rammetildelingar m.m.

Statlege styringssignal og regjeringa sitt forslag til statsbudsjett 2018 låg til grunn for rådmannen sitt budsjettforslag og kommunestyret sitt vedtak for budsjett 2018 for Finnøy kommune.

Inntektssystemet for kommunane blei i mindre grad justert til 2018, i motsetnad til året før. Revidert nasjonalbudsjett 2018 blei innarbeidd i budsjettjusteringane i 1. og i 2. tertial 2018.

Den årlege veksten i befolkninga har snudd og fører til ytterlegare nedgang i veksttilskotet. Skjønstilskotet er også redusert dei siste tre åra. Finnøy fekk ein mindre kompensasjon gjennom overgangsordninga for kommunar som frivillig slår seg saman. Denne vil auka noko i 2019 før den fell heilt bort i 2020 når ny kommune er etablert.

Veksten i inntekter for kommunesektoren i landet i 2018 kom i stor grad innan skattevekst. Finnøy kommune hadde låg skattevekst i 2017, noko som slo uheldig ut. Finnøy fekk likevel høge skatteinntekter grunna inntektsutjamning som blir føreteke for å delvis jamne ut forskjellar i skatteinntekter mellom skattesvake og skattesterke kommunar.

Lågare vekstføresetnader blei i stor grad innarbeida i budsjettet for 2019, i hovudsak med ein kortsiktig finansiering av eit langsiktig lågare inntektsnivå. Rådmannen vil følgja dette opp gjennom nye analyser og komande økonomirapporteringar.

Finnøy kommune hadde per 01.01.2018 eit folketal på 3 150 personar, altså går ein igjen under grensa på 3 200 innbyggjarar som kvalifiserer til småkommunetilskot. Småkommunetilskot består ikkje som før, andre kriterier vert lagde til grunn, men Finnøy vil få deler av småkommunetilskotet i kombinasjon med kompensasjon gjennom inntektsgarantiordninga INGAR i 2020.

Der ligg ingen omstillingstiltak inne i budsjett for 2019. Årsaka til dette er at det er behov for kapasitet i 2019 til å byggje den nye kommunen. Rådmannen åtvarar likevel mot å sleppe merksemda på framleis knappe rammer i tida framover. Konsekvensane for endringar i inntektssystemet med verknad frå 2018 og tendensar til negativ folketalsutvikling må følgjast nøye når det gjeld den økonomiske utviklinga. Det er avgjerande at dei økonomiske rammene som er gitt blir følgde.

Stortinget vedtok i 2016 at det skulle opprettast eit havbruksfond. Første utbetaling frå havbruksfondet var i 2017, der Finnøy kommune fekk om lag kr 0,9 mill. Finnøy har ein betydeleg del havbruk, og dette har gitt ei formidabel avkastning i 2018 på vel kr 45,8 mill. og gjer det mogleg å realisere store investeringar som til dømes utbygging av Pleie- og omsorgssenteret. Rådmannen meiner likevel at utsiktene for store inntekter er usikre.

2 Årsrekneskapen 2018

2.1 Omtale av årsrekneskapen 2018 for Finnøy kommune

Årsrekneskapen inneheld hovudtal, hovudoversikter og noteopplysningar. I dokumentet finn ein òg fondsoversikt, detaljert driftsrekneskap, kapitalrekneskap og balanserekneskap.

Årsrekneskapen skal gje ei samla oversikt over den økonomiske situasjonen for Finnøy kommune for året 2018. For meir informasjon om økonomi og drift i dei ulike tenesteområda syner ein til årsrapport 2018 for Finnøy kommune del 1 og 3-7.

2.1.1 Driftsrekneskapen

Desse tala finn ein i [tabell for hovudoversikt drift](#).

Brutto driftsresultat syner eit netto rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 29 mill., mot eit mindreforbruk på kr 30 mill. i regulert budsjett. Tek ein omsyn til avskrivningar er det eit mindreforbruk på kr 44 mill.

Netto driftsresultat er gjort opp med kr 33,8 mill. og utgjer 9,74 % av driftsinntektene. Budsjettet opererte med kr 20,8 mill. i netto driftsresultat, som er 6,43 % av budsjetterte driftsinntekter.

Rekneskapsmessig mindreforbruk i 2018 er på kr 5,55 mill.

Driftsinntektene syner ein auke i høve til budsjett på om lag kr 23,6 mill. Her inngår skatt og rammetilskot med ein auke på kr 2,5 mill. Andre inntekter, medrekna brukarbetaling, andre sals- og leigeinntekter og overføringar syner ein samla auke på om lag kr 21,1 mill. Den store posten her er refusjon frå NAV knytt til fødsels- og sjukepengar på kr 7,4 mill. Denne er, i tråd med tidlegare år, ikkje budsjettert. Momskompensasjon drift var kr 7,1 mill. mot budsjetterte kr 4,5 mill. Overføring frå havbruksfondet på vel kr 45,8 mill. ligg inne i regulert budsjett, og er derfor ikkje ein del av differansen.

Driftsutgifter syner ein auke ekskl. avskrivningar på vel kr 9,7 mill., i høve til budsjett. Av dette auka løn inkl. sosiale utgifter på vel kr 7,1 mill., som må sjåast saman med refusjon av fødsels- og sjukepengar. Utbetalt introduksjonsstønad inngår her med om lag kr 4,4 mill. I tillegg kjem lønskostnader som ikkje er budsjettert, men finansierte med tilskot og overføringar. Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen har auka med om lag kr 9,7 mill., mens varer og tenester som erstattar tenesteproduksjonen auka med kr 5,1 mill. Overføringar syner om lag kr 12,6 mill. i mindre kostnader enn budsjettert.

Resultat eksterne finanstransaksjonar syner eit positivt avvik på om lag kr 0,1 mill. i høve til budsjett.

Avsetjing/bruk av fond syner ein bruk på kr 8,65 mill. og ei avsetjing på kr 36,86 mill.

2.1.2 Investeringar

Tala det vert referert til finn ein i tabellen hovudoversikt investeringar.

Totale inntekter på investering blei kr 3,5 mill. i 2018. Sal av driftsmidlar og fast eigedom utgjorde kr 2,4 mill. og momskompensasjon på alle investeringar utgjorde for 2018 kr 0,6 mill. av dette.

Totale utgifter til investeringar i 2018 er kr 13,2 mill. Dette er finansiert ved bruk av ubundne investeringsfond og lån. I investeringsrekneskapen er det brukt kr 5,7 mill. av ubundne investeringsfond, og avsett kr 4,1 mill. til ubundne investeringsfond.

2.1.3 Balansen

Arbeidskapital (endring omløpsmidlar minus endring kortsiktig gjeld) vart for 2018 kr 31,5 mill., ein auke frå vel kr 3,8 mill. i 2017.

Total fondsreserve pr. 31.12.18 var på kr 85,7 mill. mot kr 54,2 mill. ved utgangen av 2017. Avsetjing til fond skriv seg frå rekneskapsmessig mindreforbruk i 2017 på kr 5 mill. og meirinntekter frå havbruksfondet. Bruk av fond gjeld i hovudsak tilskot til lag og organisasjonar (disposisjonsfond), i tillegg til å dekke underskot sjølvkost VA-sektoren (bundne driftsfond).

Netto lånegjeld (langsiktig gjeld) har i 2018 auka med kr 8,3 mill. og utgjer 194 % av driftsinntektene. Auken på pensjonsforpliktingar utgjer kr 14 mill., mens andre lån, inkl. lån til utlån, er redusert med kr 5,7 mill. Netto lånegjeld (langsiktig gjeld) ekskl. pensjonsforpliktingar og lån til utlån, utgjer pr. utgangen av året 89 % av driftsinntektene. Dette er ein auke frå 83,8 % i 2017.

2.2 Hovudtal

RESULTATTAL	R2018	R2017
Driftsinntekter	346,6	301,1
Driftsutgifter	317,5	305,6
Skatteinntekter	90,3	93,8
Eiendomsskatt	15,2	14,9
Rammetilskott	116,6	110,1
Brutto driftsresultet	29,1	-4,4
Finansinntekter	7,8	6,8
Finansutgifter	18,0	16,1
Avdrag	11,7	9,8
Motpost avskrivningar	14,9	14,8
Netto driftsresultat	33,8	1,0

BALANSETAL	R2018	R2017
Anleggsmidler	779,5	755,7
Omløpsmidler	156,5	119,8
Langsiktig gjeld	672,5	664,2
Kortsiktig gjeld	53,6	48,3
Eigenkapital	209,9	162,9

INVESTERINGAR	R2018	R2017
Samla investeringar	13,3	27,5
Bruk av lån	10,6	31,2

2.3 Økonomiske måltal

MÅLTAL	R2018	R2017
1 Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	9,74 %	0,35 %
2 Langsiktig gjeld i % av driftsinntekter	72,65 %	83,80 %
3 Langsiktig gjeld per innbyggjar i kroner	79 935	78 979
4 Eigenkapital ved investeringar skal være minimum 20%	26,38 %	16,23 %

1 Netto driftsresultat er eit uttrykk for inntekter og utgifter knytta til den ordinære drifta, men også hensyntatt finansinntekter og finansutgifter

2 Måлтаlet for gjeldsgrad er berekna ut frå langsiktig gjeld med fråtrekk av pensjonsforpliktingar og lån til vidare utlån

3 Måлтаlet for langsiktig gjeld per innbyggjar er berekna ut frå langsiktig gjeld med fråtrekk av pensjonsforpliktingar og lån til vidare utlån

4 Gjeld frå og med budsjettåret 2017

2.4 Hovudoversikt – drift

	Rekneskap 2018	Reg. budsjett 2018	Opprinneleg budsjett 2018	Rekneskap 2017
Driftsinntekter				
Brukerbetalingar	12 049 253	11 811 660	11 811 660	11 402 485
Andre sals- og leigeinntekter	19 880 631	18 474 523	18 474 523	19 207 065
Overføringar med krav til motyting	38 534 660	19 610 201	20 910 201	50 794 414
Rammetilskott	116 553 458	111 165 000	111 165 000	110 103 494
Andre statlege overføringar	54 062 613	53 624 000	10 924 000	917 554
Andre overføringar	10 360	-	-	910
Skatt på inntekt og formue	90 277 937	93 175 000	93 175 000	93 755 251
Eigedomsskatt	15 237 409	15 100 000	15 100 000	14 947 770
Andre direkte og indirekte skatter	-	-	-	-
Sum driftsinntekter	346 606 321	322 960 384	281 560 384	301 128 943
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	158 013 496	150 992 724	143 672 546	153 613 345
Sosiale utgifter	40 259 912	40 176 134	40 084 134	38 623 963
Kjøp av varer og ten som inng i egenprod	50 663 675	40 953 565	41 593 565	44 822 402
Kjøp av tenester som erstatter ten prod	39 751 943	34 622 011	34 597 261	42 862 516
Overføringar	16 112 453	28 679 575	25 686 732	14 890 637
Avskrivningar	14 912 231	-	-	14 771 610
Fordelte utgifter	-2 176 527	-2 511 208	-4 451 208	-4 029 592
Sum driftsutgifter	317 537 183	292 912 801	281 183 030	305 554 880
Brutto driftsresultat	29 069 139	30 047 583	377 354	-4 425 937
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	7 749 518	7 160 000	7 160 000	6 839 710
Mottatte avdrag på lån	6 556	-	-	6 000
Sum eksterne finansinntekter	7 756 073	7 160 000	7 160 000	6 845 710
Finansutgifter				
Renteutgifter og lånekostnader	6 236 892	6 746 403	6 746 403	6 319 112
Tap på finansielle instrum. (oml.midl.)	-	-	-	-
Avdrag på lån	11 741 805	9 680 333	9 680 333	9 830 722
Utlån	-	-	-	-
Sum eksterne finansutgifter	17 978 697	16 426 736	16 426 736	16 149 834
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-10 222 623	-9 266 736	-9 266 736	-9 304 124
Motpost avskrivningar	14 912 231	-	-	14 771 610
Netto driftsresultat	33 758 746	20 780 847	-8 889 382	1 041 549
Netto driftsresultat i %	0	0	-0	0
Interne finansieringstransaksjoner				
Bruk av tidligere års mindreforbruk	4 928 956	-	-	12 844 944
Bruk av disposisjonsfond	1 200 000	5 570 000	5 370 000	3 026 294
Bruk av bundne fond	2 517 051	4 477 287	4 477 287	2 706 107
Sum bruk av avsetningar	8 646 007	10 047 287	9 847 287	18 577 345
Avsatt til disposisjonsfond	35 757 090	30 828 134	957 905	12 844 944
Avsatt til bundne fond	1 101 893	-	-	1 844 994
Sum avsetningar	36 858 983	30 828 134	957 905	14 689 938
Regnskapsmessig mindreforbruk	5 545 770	-	-	4 928 956

2.5 Rekneskapsskjema 1A – drift

Rekneskapsskjema 1A - drift	Rekneskap 2018	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap 2017
Skatt på inntekt og formue	90 277 937	93 175 000	93 175 000	93 755 251
Ordinært rammetilskot	116 553 458	111 165 000	111 165 000	110 103 494
Skatt på eigedom	15 237 409	15 100 000	15 100 000	14 947 770
Andre direkte eller indirekte skatter	-	-	-	-
Andre generelle statstilskot	54 062 613	53 624 000	10 924 000	917 554
Sum frie disponible inntekter	276 131 417	273 064 000	230 364 000	219 724 070
Renteinntekter og utbytte	7 749 518	7 160 000	7 160 000	6 839 710
Gevinst finansielle instrument (oml.midl.)	-	-	-	-
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	6 236 892	6 746 403	6 746 403	6 319 112
Tap finansielle instrument (oml.midl.)	-	-	-	-
Avdrag på lån	11 741 805	9 680 333	9 680 333	9 830 722
Netto finansinnt./utg.	-10 229 179	-9 266 736	-9 266 736	-9 310 124
Til dekning av tidl. regnsk.m. meirf.br.	-	-	-	-
Til ubundne avsetningar	35 757 090	30 828 134	957 905	12 844 944
Til bundne avsetningar	1 101 893	-	-	1 844 994
Bruk av tidl. regnsk.m. mindreforbr.	4 928 956	-	-	12 844 944
Bruk av ubundne avsetningar	1 200 000	5 570 000	5 370 000	3 026 294
Bruk av bundne avsetningar	2 517 051	4 477 287	4 477 287	2 706 107
Netto avsetningar	-28 212 976	-20 780 847	8 889 382	3 887 407
Overført til investeringsrekneskopen	-	-	-	-
Til fordeling drift	237 689 262	243 016 417	229 986 646	214 301 353
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	232 143 492	243 016 417	229 986 646	209 372 397
Regnskapsmessig meir-/mindreforbruk	5 545 770	-	-	4 928 956

2.6 Rekneskapsskjema 1B – drift

Rekneskapsskjema 1B - drift	Rekneskap 2018	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap 2017
Til fordeling drift (frå skjema 1A)	237 689 262	243 016 417	229 986 646	214 301 353
Ansvar				
100/110 Rådmann/Politiske utval	15 892 021	15 581 969	15 039 592	13 823 838
140 Ymse	19 817 942	24 755 938	22 138 234	12 897 671
150 Finansiering	572 859	-736 000	-736 000	-2 066 699
200-220 Oppvekst	89 679 384	91 351 851	86 441 651	86 912 197
300-320 Helse og omsorg	92 326 675	93 308 554	85 143 764	77 528 073
500-510 Kultur og bibliotek	1 470 653	1 412 232	1 405 532	1 343 924
600/610 Plan og fovaltn./Drift og utb.	12 383 960	17 341 873	20 553 873	18 933 393
Fordelt	232 143 492	243 016 417	229 986 646	209 372 397
Regnskapsmessig meir-/mindreforbruk	5 545 770	-	-	4 928 956

Forbruk per ansvar

Ansvar	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Forbruk i %	Avvik (kr)
FELLESTENESTER					
100 RÅDMANNEN	12 147 533	11 645 514	10 297 834	104,31 %	-502 019
110 POLITISK UTVALG	3 886 548	3 936 455	3 534 582	98,73 %	49 907
140 YMSE	19 817 942	24 755 938	9 959 745	80,05 %	4 937 996
SUM FELLESTENESTER	35 852 023	40 337 907	23 792 161	88,88 %	4 485 884
OPPVEKST					
200 TENESTELEIAR OPPVEKST	4 443 911	4 434 147	4 132 505	100,22 %	-9 764
210 PEDAGOGISK KONSULENT	9 499 262	9 906 741	9 207 847	95,89 %	407 479
211 FINNØY SENTRALSKULE	40 291 728	41 837 037	38 544 245	96,31 %	1 545 309
212 FOGN OPPVEKSTSENTER	7 653 054	7 691 890	6 959 811	99,50 %	38 836
214 OMBO OPPVEKSTSENTER	3 585 367	3 294 084	3 899 071	108,84 %	-291 283
215 SJERNARØY OPPVEKSTSENTER	8 173 061	7 611 192	8 079 155	107,38 %	-561 869
216 TALGJE BARNEHAGE	3 550 205	3 898 773	3 666 964	91,06 %	348 568
217 HAGATOPPEN BARNEHAGE	10 685 496	10 678 064	10 510 285	100,07 %	-7 432
220 MUSIKKSKULE	1 748 211	1 949 036	1 842 314	89,70 %	200 825
SUM OPPVEKST	89 630 295	91 300 964	86 842 197	98,17 %	1 670 669
HELSE OG OMSORG					
300 TENESTELEIAR HELSE/OMSORG	1 854 260	1 902 727	-2 754 594	97,45 %	48 467
301 NAV	3 080 605	3 430 942	2 832 998	89,79 %	350 337
302 BARNEVERN	8 549 500	9 100 000	8 873 172	93,95 %	550 500
304 HEIMETENESTEN	16 283 024	16 079 112	16 135 694	101,27 %	-203 912
305 PLEIE/OMSORG	27 341 767	27 740 720	26 760 082	98,56 %	398 953
310 HELSETENESTE	19 104 431	19 371 223	11 950 859	98,62 %	266 792
315 SERVICE OG VEDLIKEHALD	3 198 164	2 540 946	1 590 890	125,87 %	-657 218
320 FAA-TUNET SERVICESENTER	12 898 901	13 047 884	12 804 717	98,86 %	148 983
SUM HELSE OG OMSORG	92 310 652	93 213 554	78 193 818	99,03 %	902 902
KULTUR OG BIBLIOTEK					
500 KULTURKONSULENT	317 614	327 000	312 802	97,13 %	9 386
510 BIBLIOTEKSJEF	1 153 039	1 085 232	1 031 122	106,25 %	-67 807
SUM KULTUR OG BIBLIOTEK	1 470 653	1 412 232	1 343 924	104,14 %	-58 421
PLAN OG FORVALTNING					
600 PLAN OG FORVALTNING	6 063 384	8 135 710	5 274 249	74,53 %	2 072 326
610 DRIFT OG UTBYGGING	9 088 052	9 068 863	15 341 161	100,21 %	-19 189
620 VA (VATN OG AVLØP)	-4 386 147	-4 194 100	-4 180 629	104,58 %	192 047
SUM PLAN OG FORVALTNING	10 765 289	13 010 473	16 434 781	82,7 %	2 245 184
SUM TENESTEAVDELINGANE	230 028 912	239 275 130	206 606 881	96,14 %	9 246 218

2.7 Hovudoversikt – investering

	Regneskap 2018	Reg. budsjett 2018	Opprinneleg budsjett 2018	Regneskap 2017
Inntekter				
Sal av driftsmidler og fast eigedom	2 401 975	-	-	3 705 676
Overføringer med krav til motyting	465 612	-	-	165 612
Kompensasjon for merverdiavgift	629 389	-	-	591 870
Sum inntekter	3 496 976	-	-	4 463 157
Utgifter				
Lønsutgifter	280 000	-	-	212 000
Kjøp av varer og ten. som inng. i ten.prod	2 556 655	5 285 000	-	10 449 535
Kjøp av ten. som erstattar ten.prod	9 788 610	14 727 000	-	15 738 892
Overføringer	629 389	-	-	1 099 138
Sum utgifter	13 254 654	20 012 000	-	27 499 565
Finansransaksjonar				
Avdrag på lån	2 322 244	-	-	2 285 425
Utlån	3 393 000	-	-	4 765 000
Kjøp av aksjer og andeler	733 214	-	-	656 665
Avsatt til ubundne investeringsfond	4 102 507	-	-	4 871 730
Avsatt til bundne investeringsfond	1 988 186	-	-	2 062 892
Sum Finansieringsransaksjonar	12 539 151	-	-	14 641 712
Finansieringsbehov	22 296 829	20 012 000	-	37 678 120
Dekka slik				
Bruk av lån	10 615 545	14 012 000	-	31 198 742
Sal av aksjer og andeler	102 720	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån	3 857 164	-	-	3 759 821
Bruk av ubundne investeringsfond	5 733 214	6 000 000	-	656 665
Bruk av bundne investeringsfond	1 988 186	-	-	2 062 892
Sum finansiering	22 296 829	20 012 000	-	37 678 120
Udekket/udisponert	-	-	-	-

2.8 Rekneskapsskjema 2A – investering

Rekneskapsskjema 2A - investering	Regneskap 2018	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regneskap 2017
Investeringer i anleggsmidler	13 254 654	20 012 000	-	27 499 565
Utlån og forskutteringer	3 393 000	-	-	4 765 000
Kjøp av aksjer og andeler	733 214	-	-	656 665
Avdrag på lån	2 322 244	-	-	2 285 425
Dekning av tidligere års udekket	-	-	-	-
Avsetninger	6 090 693	-	-	6 934 622
Årets finansieringsbehov	25 793 805	20 012 000	-	42 141 277
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidler	10 615 545	14 012 000	-	31 198 742
Inntekter fra salg av anleggsmidler	2 504 695	-	-	3 705 676
Tilskudd til investeringer	-	-	-	-
Kompensasjon for merverdiavgift	629 389	-	-	591 870
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	4 322 776	-	-	3 925 433
Andre inntekter	-	-	-	-
Sum ekstern finansiering	18 072 405	14 012 000	-	39 421 720
Overført fra driftsregnskapet	-	-	-	-
Bruk av tidligere års udisponert	-	-	-	-
Bruk av avsetninger	7 721 400	6 000 000	-	2 719 557
Sum finansiering	25 793 805	20 012 000	-	42 141 277
Udekket/udisponert	-	-	-	-

2.9 Rekneskapsskjema 2B – investering

Prosjekt	Rekneskapsskjema 2B - investering	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Rekneskap 2017
147	Rådhuset - Ventilasjon	-	-	472 187
151	Breiband Infrastruktur	-	-	1 314 453
161	Rygjabø - Kjøp Av Eigedom Ks-073-17	184 395	200 000	7 417 970
170	Nye Stavanger - Anskaffing Og Fornying It	-	200 000	-
220	Talgje Barnehage - Ventilasjon 2017	-	-	548 532
230	Sjernerøy Oppvekstsenter - Nærmiljøanlegg	683 629	140 000	-
231	Fogn Oppvekstsenter - Sykkelskur, Uværskur	368 569	250 000	-
232	Talgje Barnehage - Leikeapparat	149 878	150 000	-
300	Finnøy Pleie- og oms.senter, pasientvarsl.anl	291 214	300 000	-
319	Sjukeheim - Rehabilitering	-	-	386 987
378	Bil Arak	-	-	185 480
379	Finnøy Pleie- Og Omsorgsenter - Utbygging	546 246	900 000	-
673	Sjernerøy - Vassutbygging	1 955 703	5 100 000	4 034 766
692	Skartveitmarka 2 - Opparbeiding Av Bustadfelt	-	-	43 200
718	Ladstein - Næringsareal	104 705	-	491 766
724	Skartveit Kai	598 471	3 000 000	-
726	Oppgradering Slamavskiljar Judaberg	6 410 967	7 000 000	324 450
729	Høgdebasseng Kyrkjøy	1 213	-	5 527 959
733	Vannforsyning Bjergøy	76 386	-	-
737	Brannstasjon - Nybygg	24 219	-	-
745	Utskifting Vasskummar	256 104	750 000	382 549
746	Oppgradering Pumpestasjon	-	-	426 109
748	Utskifting Av Vatnledning Fåhadlet	105 952	-	5 137 498
752	Gatebelysning	206 733	-	298 390
754	Oppgradering Pumpestasjonar	249 289	562 000	-
755	Utbygging Dk-Anlegg	247 579	250 000	-
757	Berge - Nærland - Dublering	-	625 000	-
758	Sanering Judaberg - Spillvassystem	419 357	440 000	-
765	Vegskilting - Ikkje Landfaste Øyane	134 131	-	-
860	Neshaugen Sjernerøy - Grunnarbeid Tomt	58 604	-	-
870	Uteanlegg Halsnøy Barnehage 2018	181 310	145 000	-
	Sum investeringar	13 254 654	20 012 000	26 992 296

2.10 Hovudoversikt balanse

	Note	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017
EIGEDELAR			
Anleggsmidler			
Faste eiendommer og anlegg	1	374 574 333	376 893 056
Utstyr, maskiner og transportmidler	1	6 969 987	6 815 551
Utlån	5	67 400 661	67 871 381
Aksjer og andeler	6	16 829 592	16 176 378
Pensjonsmidler	7	313 745 020	287 917 278
Sum anleggsmidler		779 519 593	755 673 643
Omløpsmidler			
Kortsiktige fordringar	8	16 705 991	14 353 315
Konserninterne kortsiktige fordringar		-	-
Premieavik	7	12 395 075	11 100 282
Aksjer og andeler	16	229 406	227 320
Kasse og bank		127 216 803	94 074 583
Sum omløpsmidler		156 547 275	119 755 501
SUM EIGEDELAR		936 066 868	875 429 144
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Disposisjonsfond	10	59 439 995	24 882 905
Bundne driftsfond	10	12 998 225	14 413 382
Ubundne investeringsfond	10	12 711 616	14 342 323
Bundne investeringsfond	10	571 581	571 581
Regnskapsmessig mindreforbruk	18	5 545 770	4 928 956
Kapitalkonto	15	120 804 414	105 887 671
Endring i rekneskprinsipp som påvirkar AK drift	17	-2 149 072	-2 149 072
Sum eigenkapital		209 922 528	162 877 745
Langsiktig gjeld			
Pensjonsforpliktelser	11	359 211 170	345 171 362
Arbeidsgiveravgift av netto forpliktelser	11	6 410 727	8 072 825
Andre lån	3	306 909 908	310 973 957
Sum langsiktig gjeld		672 531 805	664 218 144
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		-	-
Annen kortsiktig gjeld	12	45 849 583	42 385 531
Konsernintern kortsiktig gjeld	13	4 932 360	2 817 025
Premieavik	7	2 830 592	3 130 698
Sum kortsiktig gjeld		53 612 535	48 333 255
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		936 066 868	875 429 144
MEMORIAKONTI			
Ubrukte lånemidler		13 552 834	14 168 378
Ubrukte konserninterne lånemidler		-	-
Andre memoriakonti		-	-
Motkonto til memoriakontiene		-13 552 834	-14 168 378

2.11 Fondsoversikt

BUNDNE DRIFTSFOND	01.01.2018	Bevegelse	31.12.2018
SJUKEHEIMEN	-3 365 410	77 630	-3 287 780
JOHANNES HIDLE	-1 595 050	35 008	-1 560 042
KULTURELL SKULESEKK	-145 295	50 280	-95 015
AVSETJING TAP ETABL. LÅN	-69 000	-	-69 000
VATN	-4 007 149	1 086 477	-2 920 672
KLOAKK	-1 723 321	539 370	-1 183 951
KOMP.UTV.	-159 680	-	-159 680
KOMPETANSEHEVING	-603 385	303 385	-300 000
FRISK I FRILUFT	-70 339	-	-70 339
UTSMYKING FOGN	-42 400	-	-42 400
BUSTADTILSKOT TILPASNING	-315 000	-	-315 000
BUSTADTILSKOT ETABLERING	-550 277	100 000	-450 277
FEIING	-591 711	-125 992	-717 703
KOM-PROSJEKTET	-255 000	-	-255 000
VILTFOND	-100 684	-11 700	-112 384
DEI UTFORDRANDE BORNA	-17 517	-	-17 517
VEILEDARFOND SK	-168 065	-	-168 065
KARTLEGG.,VANNRES. SKARTVEIT	-14 000	-	-14 000
RUSPLAN	-248 520	-600 000	-848 520
UNGDOMSTRINN I UTVIKLING	-63 107	-	-63 107
DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN	-9 825	-	-9 825
HELSESTASJON/KOMP.LØFTET	-123 966	-	-123 966
FRISKLIVSENTRAL	-146 128	-	-146 128
FORELDRESTØTTENDE TILTAK ICDP	-28 555	-	-28 555
GAVEORDNING TILSETTE RÅDHUSET	-	-39 300	-39 300
SUM BUNDNE DRIFTSFOND	-14 413 382	1 415 158	-12 998 225

UBUNDNE KAPITALFOND	01.01.2018	Bevegelse	31.12.2018
UBUNDE KAPITALFOND, TEKNISK	-309 685	-	-309 685
UBUNDE KAPITALFOND	-14 032 638	1 630 707	-12 401 931
SUM UNBUNDNE KAPITALFOND	-14 342 323	1 630 707	-12 711 616

BUNDNE KAPITALFOND	01.01.2018	Bevegelse	31.12.2018
BUSSEL. HESBY S	-65 257	-	-65 257
KLOAKK JØRSTAD	-3 546	-	-3 546
VATN SJERNARØY	-50 000	-	-50 000
VATN VARLAND	-452 778	-	-452 778
SUM BUNDNE KAPITALFOND	-571 581	-	-571 581

DISPOSISJONSFOND	01.01.2018	Bevegelse	31.12.2018
SENTR.ADM.	-634 958	-	-634 958
SKULANE	-303 956	-	-303 956
OMBO OPPVESKSTSENTER	-94 652	-	-94 652
SYLVFOND FOGN SKULE	-11 500	-	-11 500
NÆRINGSFØREMÅL	-48 126	-	-48 126
KULTUR	-116 831	-	-116 831
TEKNISK	-171 716	-	-171 716
KYRKJENE	-6 970	-	-6 970
ANNA DISP.FOND	-23 470 683	-34 557 090	-58 027 773
AVSETT TAP PÅ KRAV	-23 513	-	-23 513
SUM DISPOSISJONSFOND	-24 882 905	-34 557 090	-59 439 995

SUM ALLE FOND	-54 210 191	-31 511 226	-85 721 416
----------------------	--------------------	--------------------	--------------------

3 Fellestenester

Fellestenester har ansvar for å stille med særskilt kompetanse til resten av organisasjonen innan områda løn og rekneskap, budsjettarbeid, verksemdsstyring, personalforvaltning, IKT, arkiv, jus, innkjøp og beredskap.

Vidare har Fellestenester oppgåver innan politisk sekretariat, drift av kommunen sitt servicetorg, rådgjeving, analyse og utgreiing for rådmann og leiarane innan kvart av tenesteområda.

I 2018 var deltaking i det administrative arbeidet med «Nye Stavanger» eit sentralt tema for Fellestenester, og nær alle tilsette var i periodar av året involvert i ulike tenesteutviklingsprosjekt.

Kommuneplanen for 2014-2026 viser til følgjande hovudmål for Finnøy kommune som organisasjon:

- Finnøy kommune skal vera ein veldriven og samarbeidsopen organisasjon som prioriterer:*
- *Kompetanse – ein lærande og utviklingsorientert organisasjon*
 - *Optimal bruk av ny teknologi*
 - *Kvalitet og service/omdømme*
 - *Tydeleg leiing og positivt arbeidsmiljø*
 - *Ansvarleg og berekraftig økonomiforvaltning*

Kvart av desse måla har vore retningsgjevande for alt arbeidet som er utført i Fellestenester dette året, og gir samtidig retning for arbeidet inn i det komande året.

3.1 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)	Rekneskap 2017
100 RÅDMANNEN	12 147 533	11 645 514	104,3 %	-502 019	10 297 834
110 POLITISK UTVALG	3 886 548	3 936 455	98,7 %	49 907	3 534 582
140 YMSE	19 817 942	24 755 938	80,1 %	4 937 996	9 959 745
SUM FELLESTENESTER	35 852 023	40 337 907	88,9 %	4 485 884	23 792 161

Fellestenester har ei netto driftsramme på om lag kr 40,3 mill. Det omfattar Fellestenester (ansvar 100), Politikk (ansvar 110) og Ymse (ansvar 140).

Fellestenester hadde samla sett eit mindreforbruk på om lag kr 4,5 mill. i 2018.

Budsjettet for Fellestenester ligg på ansvar 100, men nemninga «Rådmannen» inkluderer alle stillingar knytt til Fellestenester. Der ligg og kjøp av tenester til jurist (frå Rennesøy kommune), rekneskap (frå Stavanger) og skatteoppkrevjar og arbeidsgjevarkontroll. Ansvar 100 hadde eit meirforbruk på kr 0,5 mill.

Ansvar 110, «Politiske utval» inneheld budsjett for kommunestyret, formannskap, forvaltningsstyret, andre utval og råd. Ansvar 110 hadde eit resultat om lag i balanse.

IT-drift ligg på ansvar 140, «Ymse». Det same gjeld ulike fellestiltak som lønsreserven, seniortiltak, tilskot til kyrkjeleg fellestråd og lærlingar. Frå 2018 ligg òg inntekter og utgifter knytt til flyktingtenesta på ansvar 140. Ansvar 140 hadde eit stort mindreforbruk på ca. kr 4,9 mill.

Kommentarar til ansvara med større avvik i høve til budsjett:

Meirforbruket på ansvar 100 skyldast mellom anna utgifter knytt til administrasjonsbygg. Dette er arbeid som drift og bygg (610) hadde bestilt før endring i eininga skjedde. Vidare har òg litt av

meirforbruket på ansvar 100 årsak i ikkje-konsekvent føring av utgifter på leige/leasing av maskinar. Dette har på den annan side bidrege til noko av mindreforbruket på ansvar 140. Hovudgrunnen for mindreforbruket på ansvar 140 er likevel at breiband ikkje vart fakturert i 2018, men først vil bli det i 2019.

3.2 Rapportering på tiltak 2018

Tittel/føremål med tiltaket	Beløp (i heile 1000)
Auka tilskot Finnøy kyrkjelege fellesråd	450
Øyfast - annullering av midlar avsett i gjeldande økonomiplan	100
Ungdomsrådet	30
Nye Stavanger – frikjøp ein årsverkressurs	700
Bidrag til KS si finansieringsordning for digitaliseringsprosjekt	65

Auka tilskot Finnøy kyrkjelege fellesråd

Kommunestyret innvilga eit tilskot til Finnøy kyrkjelege fellesråd på kr 0,45 mill. for å halde oppe drifta på 2017-nivå.

Øyfast - annullering av middel avsett i gjeldande økonomiplan

Øyfast fekk kr 1 mill. av tilskottet til vegar og digitalisering for kommunar som slår seg saman, jf. søknad frå Fellesnemnda. Tiltaket på kr 0,1 mill. er Finnøy kommune sin eigeninnsats i prosjektet.

Ungdomsrådet

Ungdomsrådet har for 2018 hatt kr 0,03 mill. til disposisjon. Rådet brukte sjølv lite av dette og gjorde vedtak om å gi pengane til trivselstiltak for dei eldre ved sjukeheimen.

Nye Stavanger – frikjøp ein årsverkressurs

Arbeidet i samband med kommunesamanslåing utført av tilsette i Finnøy kommune skal i utgangspunktet dekkast av Finnøy kommune. Frikjøp av tilsette knytt til Nye Stavanger prosjektet på kr. 0,7 mill. gav fleksibilitet og gjorde det mogleg for Finnøy å bidra med naudsynte ressursar inn i arbeidet.

Bidrag til KS si finansieringsordning for digitaliseringsprosjekt

Finnøy kommune gjekk inn i KS si finansieringsordning for digitaliseringsprosjekt med kr 0,065 mill.

3.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Fellestenester

3.3.1 Organisering og leiing

Personal- og organisasjonssjef har sidan hausten 2017 vore leiar for tenestområdet Fellestenester. I løpet av det same året vart rådgjevarane som tidlegare var organisert på kvar sitt tenestemråde, samla organisatorisk i Fellestenester. Gjennom året 2018 har tilsette i Fellestenester arbeida med å jobbe og tenkje meir heilskapleg, og på tvers av einingane.

Servicetorget har dedikert leiar som har ansvar for leiing og utvikling av dette området.

I servicetorget er det jamt over to tilsette i publikumsmottaket. Leiar har ansvar for opplæring til ein kontorfaglærling.

Innan løn og rekneskap er det etablert ulike samarbeid med Stavanger kommune som ei førebuing fram mot samanslåinga i 2020. Rekneskapsprogrammet blei hausten 2018 lagt om og ligg no som eit selskap under Stavanger kommune. Rekneskapsavdelinga i Stavanger har tatt over det faglege

ansvaret for rekneskapen, samtidig som ein førebur samanslåinga av området fram mot 2020. Vidare var budsjettarbeid utført lokalt inntil controllar i kommunen slutta i desember 2018. Dermed gjorde Finnøy kommune avtale med Stavanger kommune òg for det daglege arbeidet med budsjett og økonomioppfølging. Lønsarbeidet har i aukande grad blitt integrert i lønsavdelinga i Stavanger, ved årsskiftet tok ein òg i bruk same lønssystem som Stavanger kommune.

Det er fleire samarbeidsavtalar innan Fellestenester sitt ansvarsområde; deriblant skatteinnkrevjinga som vert utført av kemneren i Stavanger. IT-drifta og borgarleg vigsle (etter overføring av mynde til kommunane) tek Stavanger kommune seg av.

Fellestenester har gjennom 2018 jobba med måla i kommuneplanen for kommunen som organisasjon, jf. punkt 3.1. Forbetring av tenestekvalitet er eit kontinuerleg arbeid i kvardagen til dei som yter tenestene.

For å kommunisere betre med innbyggjarane og offentlegheita oppretta kommunen i 2018 ein Facebook-konto. Denne informasjonskanalen supplerer informasjon på heimesida og kommunen si side i lokalavisa. Inntrykket er at informasjonskanalen er godt motteken av innbyggjarane.

Arbeidet med leiarskap og positivt arbeidsmiljø, samt IA-arbeidet og nærværstiltak er omtalt i kapittel 1.2; Finnøy kommune som arbeidsgjevar.

3.4 Utfordringar framover

Samtidig som bygginga av Nye Stavanger i 2019 går inn i den avgjerande fasen, skal området Fellestenester driftast som normalt og etter kvart «avviklast» fram mot 2020. Det er avgjerande å vurdere ambisjonsnivået for møtefrekvens, saker og nye oppgåver i 2019.

Eit viktig oppdrag for Fellestenester i 2019 vil vere gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingval. Det er Nye Stavanger som vil ha hovudansvaret for organisering av kommunevalet, men Finnøy vil likevel vere involvert i gjennomføringa.

Fleire tilsette har i løpet av vinteren 2018/2019 avslutta sitt arbeidsforhold i Fellestenester på grunn av ny jobb eller i samband med innplassering i Nye Stavanger. Resterande medarbeidarar i Fellestenester vil i løpet av første halvdel av 2019 bli innplassert i nye stillingar i den nye kommunen. Dei fleste tilsette i avdelinga må rekne med å skifte arbeidsstad til Stavanger. Der det er føremålstenleg vil Finnøy kommune leggje til rette for endring av arbeidsstad også før 1.1 2020. Nye arbeidsoppgåver og skifte av arbeidsstad kan føre med seg usikkerheit. Det er viktig å gi dei tilsette tryggleik i form av god informasjon og god leiing. Målet er at innplasseringa skal vere positiv både for den nye organisasjonen og den einskilde tilsette. Det er laga eigen omstillingsavtale som er drøfta med prosjekttillitsvalde. Vidare er der laga ein rettleiar som skal nyttast ved innplassering.

Det er store forventningar frå både innbyggjarar, tilsette, politikarar og eksterne samarbeidspartar til kva kommunen og eininga skal levere. Fellestenester vil møte desse utfordringane ved å levere fagleg gode tenester innanfor tildelte ramar, også gjennom det siste året.

4 Oppvekst

Oppvekst omfattar tenestetilbod i barnehagar, skular og SFO, kommunal musikk- og kulturskule, bibliotek, kultur og vaksenopplæring.

Kommuneplanen for 2014-2026 seier at

Finnøy skal ha positivt omdømme som «oppvekstkommune» og prioritera forhold som er viktige for å fremja barns og unges personlege utvikling, læring og livsutfalding.

4.1 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)	Rekneskap 2017
200 TENESTELEIAR OPPVEKST	4 443 911	4 434 147	100,2 %	-9 764	4 132 505
210 PEDAGOGISK KONSULENT	9 499 262	9 906 741	95,9 %	407 479	9 207 847
211 FINNØY SENTRALSKULE	40 291 728	41 837 037	96,3 %	1 545 309	38 544 245
212 FOGN OPPVEKSTSENTER	7 653 054	7 691 890	99,5 %	38 836	6 959 811
214 OMBO OPPVEKSTSENTER	3 585 367	3 294 084	108,8 %	-291 283	3 899 071
215 SJERNARØY OPPVEKSTSENTER	8 173 061	7 611 192	107,4 %	-561 869	8 079 155
216 TALGJE BARNEHAGE	3 550 205	3 898 773	91,1 %	348 568	3 666 964
217 HAGATOPPEN BARNEHAGE	10 685 496	10 678 064	100,1 %	-7 432	10 510 285
220 MUSIKKSKULE	1 748 211	1 949 036	89,7 %	200 825	1 842 314
500 KULTURKONSULENT	317 614	327 000	97,1 %	9 386	312 802
510 BIBLIOTEKSJEF	1 153 039	1 085 232	106,2 %	-67 807	1 031 122
SUM OPPVEKST	91 100 948	92 713 196	98,3 %	1 612 248	88 186 121

Rekneskapan for heile tenesteområdet syner eit mindreforbruk på omlag 1,6 mill. kroner i høve til vedtatt budsjett for 2018.

Kommentarar til ansvara med større avvik i høve til budsjett:

- Ansvar 200 - opplæring for barn som er finansiert gjennom avtalar med andre kommunar - Det blei føreteke budsjettregulering i 2018 på kr 1,3 mill. Grunnen er at refusjon frå andre kommunar blei berekna utifrå ikkje-oppdaterert talgrunnlag.
- Ansvar 210 - pedagogisk konsulent - hadde eit mindreforbruk på drygt kr 0,4 mill. Grunnen er mindre behov for bruk av spesialpedagogisk hjelp enn venta.
- Ansvar 211 - Finnøy sentralskule - hadde eit mindreforbruk på ca. kr 1,545 mill. Hovudgrunnen til dette er eit mindreforbruk i vaksenopplæring. I tillegg har færre elevar hatt behov for skuleskys.
- Ansvar 214 - Ombo oppvekstsenter - hadde eit meirforbruk på rundt kr 0,29 mill. Grunnen er i hovudsak lønsutgifter knytt til nyoppretta stilling og auka lønsutgifter i barnehagen (grunna bemanningskrav om 2 pedagogar), i tillegg til feilbudsjettering knytt til inntekter i barnehagen.
- Ansvar 215 - Sjernarøy oppvekstsenter - hadde eit meirforbruk på ca. kr 0,56 mill. Hovudgrunnane er vedlikehalds- og oppgraderingsarbeid knytt til brannvarslingsanlegg og utelys, vikarutgifter og straumutgifter.
- Ansvar 216 - Talgje barnehage - hadde eit mindreforbruk på om lag kr 0,35 mill. Hovudårsaka til dette er mindre lønnsutgifter grunna endringar i grunnbemanninga, delt styrarressurs mellom Talgje og Hagatoppen og fleire pedagogar på dispensasjon med lågare løn enn budsjettet.
- Ansvar 220 - Musikk- og kulturskule - hadde eit mindreforbruk på om lag kr 0,2 mill. Mindreforbruket skuldast hovudsakleg at musikk- og kulturskulen sin rektor gjekk av med pensjon i juli. Rektorstillinga på 60 % blei erstatta med avdelingsleiar i 50 % stilling frå august.

4.2 Rapportering på tiltak 2018

Tittel/føremål med tiltaket	Beløp (i heile 1000)
Drift	
Korps Sjernarøy	50
Auka ramme skule – tidleg innsats	600
Nytt idrettshus Leikvoll - kommunalt tilskot	500
Auka ramme bibliotek	200
Driftsstøtte til Otto-huset	30
Investeringar	
Kunstgrasbane Sjernarøy	1000
Talgje barnehage - nytt leikeapparat	150
Uteanlegg Halsnøy Barnehage	145
Nærmiljøanlegg på Sjernarøy	140
Sykkelskur/uvêrsskur ved Fogn oppvekstsenter	250

Korps Sjernarøy

Kommunalt tilskot på kr 0,05 mill. Tilskot blei brukt til innkjøp av utstyr/instrument og leing av korpsset.

Auka ramme skule - tidleg innsats

Ekstra budsjettmidla kr 0,6 mill. Budsjettmidla gjorde det mogleg å få til klassedeling på 1.-5. og samtidig ha ressursar til intensiv opplæring.

I tillegg fekk Finnøy kommunen om lag kr 0,9 mill. i statleg tilskot for å auke lærartettleiken.

Nytt idrettshus Leikvoll - kommunalt tilskot

Kommunalt tilskot på kr 0,5 mill. Tilskotet blei etter søknad frå idrettslaget flytta til 2019.

Auka ramme bibliotek

Kr 0,2 mill. til utvida opningstider på biblioteket. Budsjettmidla er disponert i tråd med tiltak.

Driftsstøtte til Otto-huset

Driftstilskot kr 0,03 mill. Stiftelsen Otto-huset har ikkje tidlegare hatt fast årleg støtte frå kommunen, men blei i budsjett for 2018 innvilga driftsstøtte på kr 0,03 mill. Bakgrunnen for dette er at Finnøy kommune gjekk ut av Ryfylke IKS. Dette innebar at Otto-huset mista ei årleg støtte på kr 0,03 mill. som blei kompensert med budsjetttiltaket.

4.2.1 Investeringar

Kunstgrasbane Sjernarøy

Det vart løyvd kr 1 mill. til kunstgrasbane på Sjernarøy. Prosjektet vart forseinka. Det kommunale tilskotet er, i tråd med søknad, overført til investeringsbudsjett 2019.

Talgje barnehage - nytt leikeapparat

Kr 0,15 mill. nye leiker/apparat. Talgje barnehage har fått nye leikeapparat og fleire tilhøyrande leiker som òg er eigna for yngre barn. Prosjektet hadde ein totalkostnad på kr 0,15 mill.

Uteanlegg Halsnøy Barnehage

Leikeapparat kr 0,145 mill. Dette er eit tiltak som vart teke inn i revidert investeringsbudsjett 2018. Midla er nytta til nye leikeapparat.

Nærmiljøanlegg på Sjernarøy

Nærmiljøanlegg kr 0,14 mill. Det nye anlegget er no på plass, etter godt samarbeid mellom Sjernarøy idrettslag, Sjernarøy oppvekstsenter og Finnøy kommune, i tillegg kom det økonomisk støtte frå andre bidragsytarar.

Sykkelskur/uvêrsskur ved Fogn oppvekstsenter

Sykkelskur Fogn oppvekstsenter kr 0,25 mill. Skuret stod ferdig i desember 2018 og rekneskapen syner eit lite meirforbruk på kr 40 000.

4.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Oppvekst

4.3.1 Organisering og leiing

Avdeling Oppvekst er delt inn i einingar med einingsleiar. Kultur og bibliotek, styrkingstiltak barnehage samt vaksenopplæring ligg direkte under kommunalsjefen.

Grunnskule

Finnøy kommune har ei desentralisert organisering av skuledrifta.

På Finnøy er det 1.-10. skule med eiga SFO-avdeling leia av rektor.

På Fogn, Ombo og Sjernarøy er det oppvekstsenter med skule og barnehage i same bygg. Desse er leia av rektor som har ansvar for både skule, barnehage og SFO.

Rektor ved Ombo oppvekstsenter har i tillegg ansvar for barnehageavdelinga på Halsnøy.

I 2018 vart det iverksett ei omorganisering på dei tre oppvekstsentera i Finnøy kommune. Det er framleis ein rektor på kvar av dei tre øyane Ombo, Sjernarøy og Fogn; ein av desse fungerer som verksemdsleiar. Denne einingsleiaren skal ha eit særskilt ansvar for økonomistyring og budsjett, overordna personalansvar og eit ansvar for at opplæringstilbodet er i samsvar med retningslinjer og lovverk.

Ved musikk- og kulturskulen i Finnøy vart stillinga som rektor erstatta av funksjon som avdelingsleiar. Dette var ei organisatorisk endring for å tilpassa seg modellen i Stavanger kommune.

Fylkesmannen utførte i 2018 tilsyn ved Finnøy Sentralskule. Tema for tilsynet var elevane sitt utbytte av opplæringa og skulebasert vurdering. Dette er eit omfattande tilsyn som involverer elever, lærarar, skuleleiing og skuleeigar. I dette tilsynet vart det avdekkja fleire avvik i høve måla i læreplanverket. Finnøy kommune fekk frist til ut november 2018 med å lukka avvika. Desse er no lukka.

Barnehage

Hagatoppen barnehage og Talgje barnehage er kommunale barnehagar. Hagatoppen barnehage har fem avdelingar: fire på Judaberg og ein på Hesby. Talgje barnehage har to avdelingar. Frå hausten 2018 vart barnehageleiing av Hagatoppen og Talgje slått saman. Bakgrunnen for dette var at vi ikkje fekk rekruttert ny styrar i Talgje barnehage. Med dette er det oppnådd betre samarbeid mellom barnehagane og styrarteamet er nytta på ein betre måte no enn tidlegare. Utfordringa har vore at ein ikkje har leiing tilstade på bygget til eikvar tid.

Finnøy kommune yter i tillegg driftstilskot til Utsyn barnehage, som er privat eigd.

Finnøy kommune har eit vertskommunesamarbeid med Strand kommune om PP-tenesta (Pedagogisk- psykologisk teneste). Denne avtalen vart med vedtak i KST-056/18 sagt opp som ein del av overgangen til Nye Stavanger kommune.

Vaksenopplæring

Organiseringa av vaksenopplæringa i Finnøy er endra dei siste åra.

Finnøy kommune mottok flyktningar i 2015, 2016 og 2017. I 2018 kom ingen nye flyktningar til Finnøy. Signala for 2019 er at det heller ikkje er behov for at kommunane tar imot fleire flyktningar. Grunnlaget for vaksenopplæringa er difor endra. Deltakarar som framleis er i opplæring går i dag på grunnskuleopplæring ved Johannes Læringssenter i Stavanger eller på vidaregåande opplæring andre stadar i fylket. Dette tilbodet har vore godt med omsyn til kvalitet på tenestetilbodet. Utfordringa har vore reiseavstand mellom bustad og opplæringsstad og båttider som ikkje passar med henting i barnehage m.m. I siste del av 2018 har innbyggjarar med utanlandsk bakgrunn fått eige tilbod om norskopplæring på kveldstid.

Kvalitetsutvikling

I heile 2018 har Finnøy, Rennesøy og Stavanger hatt felles rektormøter. Dette er eit ledd i kvalitetsarbeidet inn mot Nye Stavanger. I desse møta har skuleleiarane fått nytte godt av kompetansen og fagmiljøa som den nye kommunen vil kunne tilby. I desember 2018 blei det gjennomført studietur til London for skuleleiarar. Tema for studieturen var skulen som lærande organisasjon.

Barnehagesektoren har også samarbeida med Rennesøy og Stavanger om kvalitetsutvikling, og tilsette i Finnøy har delteke på kurs saman med tilsette i barnehagar i Stavanger. Styrarane i barnehagane har siste del av 2018 også hatt felles styrarmøte med Rennesøy og Stavanger. Dette høvet til å delta i eit større fagleg fellesskap har vore svært nyttig.

Desentralisert kompetanseheving (DEKOM) og Regional kompetanseheving (REKOM) er nye satsingar som har som mål å skape profesjonelle læringsfellesskap på tvers av skular og barnehagar. Oppvekstsentera i kommunen er med i programmet og har vald lesing som tema.

4.3.2 Barnehage

I 2018 var det 181 barn i barnehagane i Finnøy, det er litt færre enn i 2017. I 2018 var det 19 % fleispråklege i barnehagane.

Alle barn med rett til plass har fått barnehageplass.

Frå august 2018 vart det innført bemanningsnorm, skjerpa pedagognorm og forplikta samarbeid om overgangen mellom barnehage og skule. Barnegruppene er sett saman for å oppfylle nye krav til pedagogisk bemanning og anna grunnbemanning. Finnøy kommune si bemanning i barnehagane er i hovudsak i tråd med dei nye krava, men kommunen har framleis behov for fleire pedagogiske leiarar med barnehagelærarutdanning.

Finnøy kommune har tidlegare utarbeidd ein plan for implementering av ny rammeplan. Denne legg føringar for faglege samlingar og utvikling fram mot 2020. I 2018 har barnehagane gjennom implementeringsplanen for ny rammeplan jobba spesielt med vennskap, fellesskap, mangfald, kommunikasjon og språk.

Arbeidet for å sikre god samanheng og overgang mellom barnehage og skule, både gjennom SFO og skulen, vart vidareført i 2018.

Utfordringa dette året har framleis vore å få dekkje krav om pedagogisk kompetanse i barnehagane. Kommunen har ein stor del pedagogiske leiarar som har dispensasjon frå utdanningskravet i 2018. Den kommunale satsinga for å utdanne barnehagelærarar held fram. Tre tilsette tek barnehagelærarutdanning på deltid. Desse er ferdig utdanna barnehagelærarar våren 2020, våren 2021 og våren 2022.

4.3.3 Undervisning

Tidleg innsats er eit av dei kommunale satsingsområda. Statlege middel vart nytta til auka pedagogtettleik på dei lågaste trinna.

Kommunen laga i 2018 ein plan for utrulling av Chromebook. I løpet av 2018 fekk alle elevane på ungdomstrinnet ta i bruk Chromebook. I tillegg har alle elevane på oppvekstsentera fått kvar sin Chromebook. Dette er ein del av "digitaliseringa" i skulen. Pedagogisk personale har brukt tid på fellessamlingar på Gsuite for Education. God kjennskap til desse programma er naudsynt når elevane skal nytte Chromebook i læringsarbeidet.

Skulane og barnehagane jobbar kontinuerleg med psykososialt miljø og nulltoleranse mot mobbing. KOM-prosjekt for 7.klasse (ein musikal for alle 7. klassingar i kommunen i samarbeid med grunnskulane og Høgskulen på Vestlandet, musikk lærarutdanninga på Stord) og musikal for 10.klasse er vidareført. Dette er prosjekt som i tillegg til fagleg utvikling også er med på å skape gode psykososiale miljø mellom elevane. Leirskule for 8. klasse er eit anna eksempel på tiltak som gir samhald og byggjer gode relasjonar mellom elevane.

4.3.4 Kultur

Kulturlivet i Finnøy er i hovudsak tufta på private initiativ. Arbeid og tiltak er stort sett sjølvfinansierte, men fleire søker kulturmiddel gjennom kommunal ordning.

Biblioteket

Biblioteket er ein samlingstad for både barn, unge og vaksne. I 2018 var det stor aktivitet med ca. 16.000 utlån av bøker, rundt 90 ulike arrangement og jamne kunstutstillingar i lokala. I tillegg nyttar fleire lokala til anna aktivitet. Biblioteket vart besøkt av 13.719 personar, i tillegg til 7.593 menneske som var på ulike arrangement i lokala til biblioteket.

Musikk- og kulturskulen

Musikk- og kulturskulen har i 2018 hatt 122 elevar, som fordelar seg med om lag 2/3 på musikk og 1/3 på dans- og kunstfag. I tillegg til den daglege undervisninga har musikk- og kulturskulen i 2018 gjennomført og delteke i konsertar og utstillingar samt KOM-prosjektet.

4.3.5 Ungdomsrådet

Ungdomsrådet har vore i aktivitet drygt to år. Rådet har i 2018 hatt 4 møte og handsama 14 saker. I februar 2018 organiserte Ungdomsrådet ein svært vellukka ungdomskonferanse i samband med arbeidet med ny kommuneplan. Her fekk ungdom i Finnøy koma med viktige innspel til tema som angår dei både no og i framtida.

4.4 Utfordringar framover

Elevtalet i kommunen har gått ned med 14 elevar sidan førre skuleår. Generelt er det dyrt å drifte skular med mange små klassar, noko som er tilfellet ved fleire trinn i Finnøy. Rett forhold mellom krav, ressursar, kompetanse og resultat er avgjerande for god undervisning.

Rekruttering av kvalifiserte lærarar og barnehagelærarar er svært viktig. Det har dei seinare åra vore vanskeleg å rekruttere pedagogisk personale, særleg i den nordre delen av kommunen. Ein konsekvens av dette kan vera at kvaliteten på det pedagogiske tilbodet blir dårlegare enn andre stadar i fylket. Dette kan vere noko av forklaringa bak trenden med dårlegare resultat på nasjonale prøvar blant våre elevar samanlikna med til dømes elevar i Rennesøy kommune. Det er truleg ein samanheng mellom storleiken på fagmiljøa og kor attraktivt det er å søkje seg til desse stadane. Velfungerande og robuste fagmiljø tiltrekk seg kvalifiserte pedagogar. For å snu denne trenden og sikre at alle elevar i kommunen får same kvalitet på undervisninga, er det viktig med strenge krav om rett kompetanse i tilsetjingsprosessar. Er ikkje denne kompetansen på plass, må ein vurdere dette omsynet til tilbodet om undervisning opp mot kva som er pedagogisk forsvarleg.

Nye krav i ny læreplan, som skal gjelde frå hausten 2020, krev auka digital kompetanse av elevar og lærarar. Utrulling av Chromebook held fram også i 2019 og vidare i økonomiplanperioden. Alle elevar skal ha eiga Chromebook ved utgangen av planperioden.

5 Helse og omsorg

Helse og omsorg yt ei rekkje tenester innan m.a. helse, pleie- og omsorg, barnevern, koordinering av frivillige, og tenester for utviklingshemma til både barn og vaksne.

Kommuneplanen for 2014-2026 seier at

Finnøy skal leggja eit breitt folkehelseperspektiv, trivsel og bulyst til grunn for all kommunal plan-legging og tenesteyting - i alle fagsektorar, for alle aldersfasar og på alle område i lokalsamfunnet.

5.1 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)	Rekneskap 2017
300 TENESTELEIAR HELSE/OMSORG	1 854 260	1 902 727	97,5 %	48 467	-2 754 594
301 NAV	3 080 605	3 430 942	89,8 %	350 337	2 832 998
302 BARNEVERN	8 549 500	9 100 000	94,0 %	550 500	8 873 172
304 HEIMETENESTEN	16 283 024	16 079 112	101,3 %	-203 912	16 135 694
305 PLEIE/OMSORG	27 341 767	27 740 720	98,6 %	398 953	26 760 082
310 HELSETENESTE	19 104 431	19 371 223	98,6 %	266 792	11 950 859
315 SERVICE OG VEDLIKEHALD	3 198 164	2 540 946	125,9 %	-657 218	1 590 890
320 FAA-TUNET SERVICESENTER	12 898 901	13 047 884	98,9 %	148 983	12 804 717
SUM HELSE OG OMSORG	92 310 652	93 213 554	99,0 %	902 902	78 193 818

Rekneskapen syner at avdeling Helse og omsorg har nytta om lag kr 0,9 mill. mindre til drift enn det som var lagt til grunn i budsjettet. Av eit totalbudsjett på drygt kr 93 mill. må dette seiast å vere eit resultat omlag i balanse.

Kommentarar til ansvara med større avvik i høve til budsjett:

- Ansvar 320 - Faatunet - har eit mindreforbruk på om lag kr 0,1 mill. Det blei varsla eit meirforbruk i 2. tertial som følgje av mindreinntekter frå tilskot for ressurskrevjande brukarar. Grunna overgang til ny berekning av timepris i tråd med Stavanger kommune sin metodikk slo dette ut positivt for Finnøy og Faa-tunet enda dermed i tilnærma balanse.
- Ansvar 301 – barnevern - har eit mindreforbruk på omlag kr 0,55 mill. Hovudårsaka er langt mindre kjøp av institusjonsplass enn det som var lagt til grunn i budsjettet.
- Ansvar 315 - service og vedlikehald - har eit meirforbruk på om lag kr 0,65 mill. Hovudårsaka til dette er høgare utgifter til straum, gass og vedlikehald bygg enn det som var lagt til grunn i budsjettet.

5.2 Rapportering på tiltak 2018

Tittel/føremål med tiltaket	Beløp (i heile 1000)
Bemanning pleie og omsorg	1500
Faatunet –auka tenestetilbod	290

Bemanning pleie og omsorg

Auka bemanning og kjøp av kortidsplassar for å gje naudsynt heildøgnsomsorg. Tiltaket er gjennomført innanfor budsjett.

Faatunet - auka tenestetilbod

Faatunet har i 2018 auka tenestetilbodet for å gje naudsynt heildøgnsomsorg. Tiltaket er gjennomført, og rekneskapen syner at Faatunet har nytta lønnsressursar ut over tildelt ramme.

5.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Helse og omsorg

5.3.1 Organisering og leiing

Tenesteområdet har ansvar for alle helse- og omsorgstenester i Finnøy. Kommunen bruker 100 årsverk for å yte fagleg bistand til personar som bur eller oppheld seg i kommunen. Kommunalsjef for helse og omsorg har direkte ansvar for barnevern, den kommunale delen av NAV og frivilligsentralen. Dei andre tenestene innan helse og omsorg er delt inn i tre einingar, med kvar sin einingsleiar:

- **Helse:** Flyktingtenesta, legetenester, skulehelsetenesta og helsestasjon, jordmor, fysioterapi og ergoterapi, psykiatritenesta, frisklivssentral og folkehelsekoordinator.
- **Faatunet:** Miljøteneste og avlastning til utviklingshemma, Arak- arbeidstrening.
- **Pleie og omsorg:** Heimehjelp, heimesjukepleie, heildøgnsbemanna omsorgsbustader, langtids plass og korttids plass-institusjon, kjøkken og vaskeri, reinhald, øyeblikkeleg hjelp døgntilbod, demensteam, kvardagsrehabilitering, omsorgsløn og brukarstyrt personleg assistent.

Helse og omsorg har to lærlingar i helsefagarbeidet.

5.3.2 Førebyggjande tenester

Tverrfagleg samarbeid om førebyggjande tiltak har høg prioritet. Tenesteområdet har som målsetting å rette ressursbruken mot tiltak som er helsefremjande og førebyggjande. Målet er å rigge tenestene våre slik at innbyggjarane skal kunne ta ansvar for eige liv så lenge som mogleg.

I samband med opptrappingsplanen for habilitering og rehabilitering har kommunen fått tilskot til prosjekt.

- Kvardagsmestring og kvardagsrehabilitering - «Leve heile livet i Finnøy»
- Styrking av koordinerande eining for brukarar med behov for samanhengande og samtidige tenester.

Staten gir tilskot i ein avgrensa periode. Etter tilskotsperioden må tiltaket eventuelt finansierast gjennom vanleg driftsbudsjett.

Finnøy kommune fekk tilskot til ruskoordinator i 2018. Dette er det tredje av til saman 4 år med tilskot. Frisklivssentralen har ikkje fått tilskot til drift i 2018 og har difor brukt tidlegare avsette middel.

Finnøy kommune har god vaksinasjonsgrad når det gjeld barn og unge. Legekontoret tilrår influensavaksine til eldre og andre risikogrupper. WHO tilrår 75 % dekning av influensavaksinasjon hjå tilsette og bebuarar på sjukeheim. Dekninga i Finnøy ligg noko under dette nivået, men over landsgjennomsnittet.

Kommunen skal føre tilsyn med forhold som direkte eller indirekte påverke helsa. Denne myndigheita er delegert til kommuneoverlegen. Avdeling for miljøretta helsevern og skjenkekontroll ved Rogaland brann og redning IKS utfører det praktiske arbeidet med tilsyn. I 2018 var det tilsyn ved ein barnehage og ein skule.

Oppfylgning av tidlegare tilsyn ved eit oppvekstsenter resulterte i godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skoler. To verksemder innan barnehage og skule er ikkje

godkjende enno. Det er starta ein prosess for oppfølging og avvika er planlagt lukka i løpet av 2019. Finnøy pleie og omsorgssenter hadde tilsyn som starta opp i desember 2017. Kommunen har laga ein handlingsplan i 2018 der avvika skal vere lukka innan vår 2019.

5.3.2.1 Tenester for barn og unge

Helsestasjon og skulehelsetenesta har prioritert styrking av foreldrerolla, psykisk helse, vennsrelasjonar, sjølvbete og grensesetting. I 2018 vart fødselstalet halvert til 26. Slik kunne ein flytte ressursar frå helsestasjon til skulehelseteneste og tidleg innsats på skulen. Helsesjukepleiarane er til stades 4 dagar i veka på sentralskulen og kvar tredje veke på oppvekstsentera. Kommunen kjøpte også i 2018 psykologtenester frå Rennesøy som primært er retta mot barn og unge.

Helsestasjon og skulehelseteneste har arbeida målretta mot å styrke foreldrerolla. To ulike foreldrerettleiingsprogram har blitt brukt i 2018:

- International Child Development Program (ICDP) blei inkludert i introduksjonsprogrammet som foreldrerettleiingsgrupper til alle flyktningforeldre.
- Circle Of Security (COS) foreldrerettleiingsprogrammet blei tilbode alle foreldre i kommunen.

I undersøkinga UngData 2016 skil Finnøy seg frå resten av landet på områda rus og psykisk helse. Skulehelsetenesta har innført tiltak som omfattar eit tettare samarbeid mellom skulehelseteneste og sosiallærar, jente- og guttesnakkegrupper, samt undervisning om pubertet.

Årleg screening av vekt i 3. og 8. klasse viser at Finnøy ligg over landsgjennomsnittet. Trenden er at overvekt aukar med aukande alder. Folkehelseprofilen viser òg at 17-åringar ligg over snittet. Ulike nasjonale kampanjar som "Sykle til skolen 2018" blei ikkje gjennomført grunna trafikkfarlege skuleveggar i kommunen. For å stimulere til bruk av natur og til fysisk aktivitet kjøpte kommunen programmet trimpoeng/ungdom på tur. Om lag 25 % av ungdomsskuleelevane nytta seg av tilbodet. Tilsette i barnehagar, SFO, mat og helse-lærarar fekk tilbod om kurs i Fiskesprell, for å stimulere til bruk av fisk.

Finnøy kommune har fått prosjektmiddel til ungdomskoordinator som har faste dagar på Sentralskulen. Kommunen har med dette etablert arenaer for tverrfagleg samarbeid om tidleg innsats retta mot rus og psykisk helse.

5.3.2.2 Tenester for vaksne og eldre

Kommunen sin Frisklivsentral har tilbod for å fremje livskvalitet både psykisk og fysisk, gjennom både personleg samtale og grupper innan kosthald og fysisk aktivitet. Mellom 15 og 40 personar møter kvar veke opp til gruppetrening i Teigen som kombinerer turglede med styrke og balansetrening. I tillegg gir sentralen tilbod om individuell oppfølging for livsstilsending med endra kosthaldsvanar og auke i fysisk aktivitet.

Frisklivssentralen sin læring- og meistringsdel har gjennomført kurs i meistring av depresjon for personar med lettare depresjon. I tillegg har Frisklivssentralen arrangert sårkurs for tilsette i pleie og omsorg i Finnøy og Rennesøy, og diabeteskurs som inkluderer personleg oppfølging.

For at innbyggjarar i Finnøy skal kunne bu heime lengst mogleg får alle på 80 år tilbod om førebyggjande heimebesøk om ernæring, aktivitet, fall – og brannførebygging. I 2018 blei det for

andre gong arrangert gruppesamling om førebyggjande heimebesøk for dei på 75 år. Brannvesenet, fastlege, Frisklivsentral Koordinator, folkehelsekoordinator, ergoterapeut og fysioterapeut deltok på møtet. Ergoterapeut bidreg med tilrettelegging som utbetring av bustad, heimebesøk, utlevering av hjelpemiddel eller hjelp med transportmiddel. Fysioterapeutane har arrangert gruppetrening med balanse- og styrketrening.

5.3.3 Behandlande tenester

Med tilskot frå fylkesmannen til opptrappingsplanen for habilitering og rehabilitering, fekk kommunen eit ekstra årsverk fysioterapeut. Ventelista er kortare med tre fysioterapeutar. Ved utgangen av året var det 3 personar på venteliste. 2018 har vore prega av betra tilbod for pasientane i Finnøy.

Ved hjelp av gruppetrening har kommunen gitt tenester til fleire og drive meir effektivt. Inntekt frå eigenandelar som har auka med ca. kr 40 000 samanlikna med 2017.

I slutten av 2018 flytta fysio- og ergoterapiavdelinga til nye lokal, grunna fuktskade i den gamle legebustaden. Dei nye lokala i andre etasje på Rygjabø er ikkje tilgjengelege for personar som ikkje kan gå i trapper. Lokala i kjellaren på pleie og omsorgssenteret, er rusta opp med nytt utstyr og eit ekstra behandlingsrom og tilgjengelege slik at alle pasientgrupper får eit tilbod.

Som følge av kommunesamanslåinga er fysioterapeutane sitt journalprogram skifta til systemet som Stavanger kommune har. Fysioterapeutane var Stavanger IT sitt pilotprosjekt i bruk av robot til å flytte data. Dette har medført ein del ekstra administrasjon for alle fysioterapeutane, samtidig vil dette på sikt være positivt.

5.3.3.1 Tenester for barn og unge

Helsestasjon, skulehelsetenesta, psykolog og legekontor/helsestasjonslege gir alle tenester retta mot born og unge. Talet på personar mellom 15 og 29 år med psykiske symptom i Finnøy er lågare enn landsgjennomsnittet. Det kan vere resultatet av betre tilgjenge gjennom skulehelsetenesta og psykisk helse ved kommunepsykolog.

5.3.3.2 Tenester for vaksne og eldre

Psykisk helse i Finnøy er eit lågterskeltilbod der ein ikkje treng tilvising for behandling/samtaleterapi, men kan ta kontakt direkte sjølv. Det er også etablert eit samarbeid med spesialisthelseteneste via Ryfylke DPS. Ein har fleire samarbeidsmøte i året og utfører felleskonsultasjonar saman med brukar, fastlege, psykisk helse og psykiater frå DPS.

Legekantoret har tre fastlegeheimlar og talet på listepasientar på legekantoret er likt i 2018 som i 2017. Finnøy har framleis god legedekning. Finnøy legekantore har den daglege vaktfunksjon for dei i kommunen som ikkje har fastlege her, samt alle hytteturistar.

Legekantoret har i tillegg til fastlegeoppgåver følgjande funksjonar:

- Oppfølging av personar i legemiddelassistert rehabilitering (LAR)
- Legevaktkontor på dagtid i tillegg til på kveldstid
- Vaksinasjonskontor for kommunen med laboratoriefunksjon for pleie og omsorgstenesta

Ser ein på tal konsultasjonar og prosedyrar, er det ei auke frå 2017 til 2018. Størst auke ser ein angående sjukemeldingar og erklæring om arbeidsavklaring/uføretrygd.

5.3.4 Heildøgns omsorgstenester

Faatunet hadde i 2018 ti bebuarar; ni leiger bustad av kommunen, og ein bur midlertidig i avlastningsbustad i påvente av å kunne leige eigen bustad. Det betyr at Faatunet ikkje har nokon ledig avlastningsplass å tilby om dette skulle være naudsynt. Det er ei utfordring å rekruttera folk med relevant kompetanse, særleg til helgestillingar.

Finnøy pleie- og omsorgssenter har i dei to siste budsjetta fått auka ramma og på det grunnlag hatt høve til å gi eit forsvarleg helsetilbod og tilby heildøgnsomsorg, enten lokalt på Judaberg eller ved å kjøpe institusjonsplass i andre kommunar. Pleie- og omsorgssenteret har merka ein auke i eldre og pasientgrupper som treng det tilbodet kommunen er plikta å gi.

Oppfylging av fleire tilsyn i 2017 og 2018 har vært krevjande. Mange og til dels store avvik vart avdekka i brann- og eltilsyn og det har tatt tid og pengar å rette opp i mange av desse. Vaktmeister har retta opp i mykje, men det står igjen ein god del arbeid med dei større avvika. Tilsyn av Arbeidstilsynet og Miljøretta helsevern syner at pleie- og omsorgssenteret har hatt manglar på internkontroll og systematikk på fleire område. Det er krevjande å ha både eigar og brukersvar for ei såpass stor og kompleks bygningsmasse samtidig som ein skal levere gode tenester og gode arbeidsforhold. Hausten 2018 fekk vi ein avtale med Stavanger Eigedom om å lage ein plan for å utbetre dei større avvika på bygningsmassen.

5.3.5 Tenester organisert frå NAV

NAV Finnøy er eit felles kommunalt og statleg kontor med seks tilsette, der tre er kommunalt tilsett. To av stillingane vert finansiert via prosjektmiddel. Eit overordna mål er å gi tilbod om arbeid og aktivitet til dei som står utanfor arbeidsmarkanden. Dei kommunale tenestene som er organisert i NAV - Finnøy er mellom anna økonomisk sosialhjelp, rustenester, statleg bustøtte og støttekontaktar.

I 2018 var det utbetalt sosialhjelp på same nivå som i 2017, men ein reduksjon på antal søknader frå 340 til 289. Utbetalinga var fordelt på 60 husstandar, 13 meir enn i 2017. Dette viser at fleire har behov for sosialhjelp, men at hjelpa som trengst er mindre omfattande enn tidlegare. Det blei gitt færre avslag i 2018 enn i 2017. I 2018 stod utanlandske statsborgarar for omkring 80 % av utbetalt sosialhjelp.

5.3.6 Flyktningar

Finnøy kommune busette ikkje flyktningar i 2018 og har ikkje fått førespurnad om busetting i 2019. I starten av 2018 budde det 52 flyktningar/familiesameinte i kommunen. I løpet av 2018 har 16 av dei flytta ut av kommunen. 11 av desse grunna jobb og økonomisk sjølvstende, fem som følge av sekundærbusetting. Det betyr at Finnøy har no 15 barn som går i barnehage, skule eller på vidaregåande og 21 vaksne. Av desse er nokre i jobb med lønstilskot frå NAV, i kvalifiseringsprogram og mange går på grunnskule eller vidaregåande skule. Fleire har deltidsjobb t.d. som avløyser og innan pleie og omsorg ved sida av grunnskule eller vidaregåande.

I året som gjekk var målet å sikre ei god integrering der dei busette finn sin plass i samfunnet og vert økonomisk sjølvstendige. Det toårige introduksjonsprogrammet har ikkje vore tilstrekkeleg for dei fleste deltakarane, slik at fleire har fått tilbod om behovsprøvd forlenga opplæringsperiode.

I 2018 starta dei fleste av våre busette på grunnskule for vaksne på Johannes læringscenter, eller på vidaregåande opplæring. Ein deltakar hadde behov for og fekk norskopplæring i introduksjonsprogrammet lokalt.

5.4 Utfordringar framover

Det krev god prioritering når ein skal både drifte Finnøy kommune og samtidig byggje opp nye Stavanger kommune. Året som kjem blir utfordrande med tanke på prosessar for harmonisering og integrering av nye løysningar på vegen mot ein ny kommune.

For fleire av einingane har det vore større utfordringar i å rekruttere personar med naudsynt fagkompetanse. Særleg gjeld dette sjukepleiarar og vernepleiarar. Ein ser at fleire søker seg til stillingar på dagtid, for å unngå turnus.

Finnøy kommune har flest tilsette som jobbar deltid innan helse- og omsorgstenesta. Sjølv om deltid er redusert, er dette ei utfordring som vi framleis ikkje har klart å løyse. Faktum er at dei fleste med fagutdanning, og som jobbar deltid, ønskjer å fortsetje med det. Sjukefråvær hjå deltidstilsette er generelt høgare. Får vi fleire i heiltid, aukar det generelt kvaliteten på tenestene våre. Tilnærma alle som jobbar innan pleie og omsorg i Finnøy er kvinner.

6 Plan og forvaltning

Tenesteavdeling plan og forvaltning har ansvar for byggesak og deling, kart og oppmåling, havbruk, landbruk og naturforvaltning samt reguleringsplanar. Ansvar for næringsutvikling og overordna planarbeid er direkte underlagt rådmannen.

Kommuneplanen for 2014-2026 seier at

Finnøy kommune skal gjennom langsiktig planlegging og løpende saksbehandling og praksis knytta til areal bidra til å oppfylle hovudmålet om å oppretthalda busettingsmønsteret og fremja bulyst, livskvalitet og lokal utviklings-kraft i alle delar av kommunen.

6.1 Økonomi

Ansvar	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Forbruk i %	Avvik (kr)	Rekneskap 2017
600 PLAN OG FORVALTNING	6 063 384	8 135 710	74,5 %	2 072 326	5 274 249
610 DRIFT OG UTBYGGING	9 088 052	9 068 863	100,2 %	-19 189	15 341 161
620 VA (VATN OG AVLØP)	-4 386 147	-4 194 100	104,6 %	192 047	-4 180 629
SUM PLAN OG FORVALTNING	10 765 289	13 010 473	82,7 %	2 245 184	16 434 781

- Ansvar 600 - Plan og forvaltning - har eit mindreforbruk i overkant av kr 2 mill. Hovudårsaka til dette er større gebyrinntekter og vakant stilling/sjukelønsrefusjon.
- Ansvar 610 - Drift og utbygging - har eit rekneskap i tråd med budsjett. Ansvar 610 har i 2018 ikkje hatt større investeringsprosjekt. Det vart i tråd med budsjett nytta kr 0,25 mill. til kvikksølvskifte på gatebelysning.
- Ansvar 620 - vatn og avløp - har eit underforbruk på kr 0,2 mill. Det skyldast i hovudsak manglande kapasitet til å gjennomføre planlagde driftstiltak.

6.1.1 Nærare om vatn og avløp (VA)

Rekneskapan for VA syner eit positivt resultat på kr 4 386 mill. Dette er før avskrivningar og kapitalkostnader på investeringane som vert ført i sjølvkostrekneskapan. Tar ein med avskrivningar og kapitalkostnadane syner resultat kr 0,2 mill. i overskot.

Ein har brukt av driftsfond både på vatn og avløp, i tråd med gjeldande VA-hovudplan.

Totalt sett for 2018 var underskotet på sjølvkosttenestane for vatn og avløp på vel kr 1,8 mill., fordelt med vel kr 1,2 mill. på vatn og kr 0,6 mill. på avløp etter avskrivningar og kapitalkostnader.

Det vart for 2018 sett av kr 2,5 mill. til ekstra driftstiltak ved bruk av driftsfond. Grunna manglande kapasitet har det vore utfordrande å gjennomføre alle planlagde driftstiltak.

Blant vasstiltaka var tilbakeføring av det nedlagte vassbehandlingsanlegget ved Bleivatn til grunneigarane, samt eit større innkjøp av nye vassmålarar som skal skiftast ut i 2019.

Driftsfond vatn og avløp pr 31.12.2018

Vatn Teneste 3450 (i 1000 kr)

År	2017	2018
Gebyrinntekter	-7 307	-8 374
Driftskostnader	4 882	5 493
Avskrivningar	2 910	2 382
Renter	1 077	1 667
Sum gebyrgrunnlag		
Resultat	-1 562	-1 168
Driftsfond saldo pr 31/12	4 007	2 840

Avløp Teneste 3500/3530 (i 1000 kr)

År	2017	2018
Gebyrinntekter	-1 205	-1 252
Driftskostnader	1 677	1 488
Avskrivningar	178	120
Renter	16	217
Sum gebyrgrunnlag		
Resultat	-666	-573
Driftsfond saldo pr 31/12	1 723	1 150

27. mai 2018 starta det ein brann på Ombo som varte i nær 3 veker. Det vart lagt ned stor arbeidsinnsats frå innbyggjarane på Ombo, det frivillige brannvesenet, sivilforsvaret, Rogaland brann og redning med fleire. Kostnadane knytt opp til brannen vart fordelt mellom Rogaland brann og redning og Finnøy kommune. Finnøy kommune søkte og fekk skjønnsmiddel som dekkar delar av kostnadane.

Ansvarleg verksemd	Ekstraordinære utgifter	Skjønnsmiddel
Rogaland brann og redning	3 490 491	1 833 650
Finnøy kommune	352 350	185 100
Sum	3 842 842	2 018 750

Ekstremværet hausten 2018 medførte ein del ekstra kostnader. Det vart mellom anna behov for betydelege utbetringar i området rundt Eidsund. I byggefeltet vart det lagt ny asfalt på område som vart råka av flaumen, samtidig som det vart lagt asfalt på område som ikkje hadde asfalt frå før.

6.2 Rapportering på tiltak 2018

Tittel/føremål med tiltaket	Beløp (i heile 1000)
Digitalisering arkiv – byggesak/landbruk	500
Reguleringsendring Judaberg sentrum/fylkesveg 519	500

Digitalisering arkiv - byggesak/landbruk

Det vart avsett totalt kr 1 mill. i budsjett 2018 til digitalisering av arkiv for byggesak/landbruk osb. Midla vart fordelt med kr 0,5 mill. i 2018 og kr 0,5 mill. i 2019. Finnøy kommune inngjekk hausten 2018 ein avtale med Geomatikk IKT AS, for gjennomføring av dette arbeidet.

Arbeidet starta opp hausten 2018, der heile arkivet vart pakka ned og frakta til Trondheim for skanning. Prosjektet er planlagt ferdigstilt våren 2019. Alle dokument skal då vere tilgjengelege digitalt.

Prosjektet vil sikre effektiv bruk av offentlege ressursar og betre tenester for innbyggjarar og næringsliv. Samtidig er det viktig for å få samordna og implementert digitalt arkiv i nye Stavanger. Prosjektet er i 2018 gjennomført i tråd med budsjett.

Reguleringsendring Judaberg sentrum/fylkesveg 519

Det vart i budsjett 2018 avsett kr 0,5 mill. for endring av reguleringsplan for Judaberg/fylkesveg 519. Asplan Viak AS er engasjert for å utarbeide planforslag, med hovudføremål å få avklart utforming av fylkesvegen gjennom Judaberg sentrum; inkludert kryss, avkøyrslar og tilbod for gåande og syklende. Planen byggjer på vedteken reguleringsplan for Judaberg. Hensikten er å tilpasse vege meir til staden og byggje opp under utviklinga av Judaberg sentrum.

Førsteutkast til planforslag vart mottatt januar 2019. Arbeidet skal gå parallelt med kommuneplanarbeidet. Prosjektet er i 2018 gjennomført i tråd med budsjett.

6.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Plan og forvaltning

6.3.1 Organisering og leiing

Avdeling Plan og forvaltning har 7,5 årsverk. Plan- og forvaltningssjef har det overordna ansvaret for fagområda underlagt avdelinga og er del av rådmannen si leiargruppe. Avdelinga har i 2018 prioritert lovpålagde forvaltningsoppgåver og gjennomføring av politiske vedtak. Lovpålagde forvaltningsoppgåver er i hovudsak gjennomført innanfor gjeldande tidsfristar.

6.3.2 Planarbeid

Overordna planarbeid tek utgangspunkt i kommunal planstrategi og planprogram for kommuneplanarbeidet, godkjent i 2016 og hausten 2017. Samfunnsdelen av kommuneplanen vart vedtatt i kommunestyret 19. desember 2018. Gjennom heile 2018 vart det gjennomført folkemøte og dialogmøte med næringsliv og innbyggjarar, for å sikre involvering og medverknad på ein best mogleg måte gjennom heile prosessen.

Arbeidet med revidering av kommuneplanen sin arealdel pågår for fullt. Dette er eit ressurskrevjande arbeid, der kommunen har nytta både egne ressursar og konsulentbistand. Asplan Viak AS var

engasjert i arealplanarbeidet frå juni til september 2018. Frå oktober 2018 vart det inngått ein samarbeidsavtale med Stavanger kommune, som då fekk hovudansvaret for gjennomføringa av arbeidet med revisjon av arealdelen. I tillegg vert eigne ressursar nytta inn i arbeidet, for å sikre erfaringsutveksling og lokal forankring.

Det er lagt til grunn for planprosessen at arealdelen skal endeleg godkjennast innan utgangen av 2019. Arbeidet har til tider vore utfordrande og det har vore naudsynt med klare prioriteringar for å halde planlagt framdrift.

Talet på private reguleringsplanar til handsaming har auka utover i 2018, samanlikna med tidlegare år. Arbeidet med private reguleringsplanar har sidan våren 2018 vore gjennomført med bistand frå Stavanger kommune, ift. inngått samarbeidsavtale. Samarbeidet har fungert bra. Avdelinga nyttar framleis eigne ressursar, men hovuddelen av arbeidet har vore gjennomført og kvalitetssikra ved bruk av planressurs frå Stavanger kommune.

6.3.3 Byggesak og deling

Avdelinga nyttar eigne ressursar til behandling av bygge- og delingssøknadar, samt matrikkelføring. For utføring av sjølve oppmålingsforretningane har kommunen rammeavtale med Matricula AS.

KOSTRA viser ein mindre nedgang i talet på byggesaker til handsaming, samanlikna med 2017. Talet på dispensasjonssaker er uendra, medan klagesaker har auka litt. Talet på delesaker til handsaming har gått noko ned, medan det har vore ein større auke i gjennomførte oppmålingsforretningar.

Hovudinntektene til plan og forvaltning er knytt til gebyrinntekter for byggesak og deling. Gebyrinntektene for byggesak er om lag som budsjettet. Gebyrinntektene for kart/oppmåling ligg om lag kr 0,5 mill. over budsjett. Årsaka til dette er fleire oppmålingssaker knytt til større eigedomar/felt.

6.3.4 Landbruk

Kommuneplanen for 2014-2026 seier at

Finnøy skal (...) medverka aktivt til berekraftig utvikling i landbruket og gi næringa tryggleik for at produktivt landbruksareal ikkje blir omdisponert frå matproduksjon til andre føremål.

Været i 2018 var prega av langvarig tørke, følgt av større mengder nedbør. Dette førte til større avlingssvikt. Handsaming av søknadar om erstatning for avlingssvikt, dispensasjon frå spreiefrist og tilskot til drenering har kravd større ressursar. Tal på søknadar etter jordlova og konsesjonslova har vore relativt stabilt.

NIBIO gjennomførte jordsmonnkartlegging i felt våren 2018. Arbeidet er avslutta og resultatane er planlagd publisert i mars 2019.

Tabellen gir ei oversikt over utviklinga i landbruket dei siste tre åra.

	2016	2017	2018
Mjølkekyr	1 432	1 412	1 359
Ammekyr	323	319	379
Anna storfe	3 073	3 121	3 080
Sauer over 1. år	7 824	7 842	9 126
Verpehøns	209 221	208 926	212 545
Tomat levert (tonn)	4 304	3 980	7 108
Mjølkekvote (liter)	10 431 236	10 408 283	10 057 059
Kylling levert	1 224 996	1 496 503	1 472 480
Tomatprodusentar	29	26	24
Jordbruksareal i drift (dekar)	36 803	36 668	37 142

Kjelde: Landbruksdirektoratet. Tal for 2018 er førebelse tal frå søknad om produksjonstilskot, før handsaming

Tala for mjølkekyr og mjølkekvote går nedover, medan tala for ammekyr har auka. Talet på sau og verpehøns har auka frå 2017. Kylling levert gjekk betydeleg ned i 2016, men ligg no på same nivå som i 2017. Her er talet på produsentar redusert frå 14 til 11.

Tomatproduksjonen i kommunen gjekk betydeleg opp i 2018. Hovudgrunnen er igangsetting av produksjon i nytt/større drivhus. Talet på tomatgartneri er kontinuerleg fallande, men Finnøy er framleis den største tomatkommunen i landet. Det pågår aktivt arbeid med alternative produksjonar i gamle drivhus.

Omdisponering av dyrka jord hadde ein topp i Finnøy i 2016 grunna fleire vedtatte reguleringsplanar. I 2017 og 2018 var omdisponering tilbake på eit meir normalt nivå, med høvesvis 9 og 8 dekar.

6.3.5 Næring

Kommuneplanen for 2014-2026 seier at

Finnøy skal vera i front i Rogaland når det gjeld verdiskaping med grunnlag i lokale ressursar, vidareutvikling av primærnæringane og annan næringsaktivitet og etablering av ny verksemd i heile kommunen.

Arbeidet med næringsutvikling er direkte underlagt rådmannen. Kommunen har nytta eigne ressursar inn i dette arbeidet, i tillegg til kjøp av tenester frå Ryfylke Næringshage. Tenesteavtale med Næringshagen er inngått, og vil vere gjeldande fram til kommunesamanslåinga 01.01.2020. Årsrapport frå Næringshagen ligg føre.

AGA-middel har vore ei ordning med støtte til lokalt næringsliv, som skulle bidra til prosjekt, gründerar og innovative løysingar i kommunen. AGA-middel vart tildelt for siste gong i mars 2018. Ordninga er no avslutta, og siste støtte vart utbetalt i 2019. Eit mindre beløp med ubrukte middel er overført kommunebudsjettet øymerka næringsutvikling.

Planane om ein strategisk næringsplan for Finnøy kommune i samarbeid med ressursgruppa i Finnøy blei avslutta i 2018. Årsaka til dette er at det vert utarbeida ny strategisk næringsplan som skal gjelde nye Stavanger kommune. Rådmannen såg det då som føremålstenleg at knappe ressursar vart nytta inn i arbeidet med næringsplan for nye Stavanger.

Politisk og administrativ leiing har gjennom 2018 hatt kontaktmøte med ressursgruppa Finnøy (tidlegare Finnøy næringsforening). Kommunen har samarbeida med ressursgruppa om tre frukostmøte for næringslivet. Tema har vore kommuneplanarbeidet, Øyfast og støtteordningar for næringslivet. Frukostmøta har vore godt besøkte.

Finnøy kommune vart tildelt middel frå Fylkesmannen, for å gjennomføre eit prosjekt knytt stimulering av mjølkeproduksjon i Finnøy. Unge bønder var særskilt målgruppe for arbeidet. Prosjektet vart gjennomført i perioden mai til oktober, med prosjektleiar frå Finnøy (student).

6.4 Utfordringar framover

Avdelinga har 7,5 årsverk, men vakante stillingar i tillegg til tilsette i permisjon har ført til ein svært krevjande ressursituasjon. Avdelinga er i dialog med Stavanger kommune for ein avtale om utvida samarbeid fram mot kommunesamanslåinga. Det er naudsynt å finne snarlege løysingar på dette, dersom gode tenester skal kunne leverast innanfor gjeldande tidsfristar. Det vil i tillegg vere avgjerande at avdelinga får behalde nøkkelkvalifikasjonar, kompetanse og kapasitet gjennom 2019.

7 Investeringar

Alle investeringar Finnøy kommune har gjort i 2018 er tatt inn med omtale i eige kapittel.

I sak KST-031/18 vart det gjort budsjettregulering for investeringar i budsjett 2018. Grunnen var at fleire av investeringsprosjekta for 2018 var vedtatt endra utan budsjettregulering av investeringsbudsjettet.

Tabellane nedanfor gir informasjon om prosjektramme og forbruk i investeringsprosjekta både i 2018 og akkumulert forbruk i investeringsprosjektet. Prosjekt som er avslutta ved utgangen av 2018 er tatt inn i eigen tabell med tilhøyrande omtale/kommentar. Vidareførte prosjekt i økonomiplan 2018-2021 er teke inn i eigen tabell med tilhøyrande omtale. Eigedomar selde i 2018 (kr 2,4 mill.) er førte direkte i kapitalrekneskapan og kjem fram av kapittel 2 med tilhøyrande noter.

7.1 Vedtekne investeringar

7.1.1 Investeringar

Investeringar i økonomiplan 2018 (i heile tusen)

Prosjektnr.	Investering	Vedtatt	Sum prosjekt	Budsjett 2018	Forbruk pr. 31.12.18	Akk. forbruk pr. 31.12.18
737	Brannstasjon - nybygg	KS-076/13	15 000	15 000	24	24
379	Finnøy pleie- og omsorgssenter - utbygging	KS-086/16	31 000	900	546	546
300	Finnøy pleie- og omsorgssenter - pasientvarslingsanlegg	KS-048/18	300	300	291	291
724	Skartveit kai	KS-095/17	7 500	7 500	598	679
765	Vegskilting - ikkje landfaste øyar	KS-086/16	1 500	0	134	134
295	Hesby barnehage, byggetrinn II	KS-086/16	6 000	0	0	0
752	Gatebelysning - kvikksølvskifte	KS-094/17	550	0	207	505
161	Rygjabø - kjøp av eigedom	KS-073/17	7 600	7 600	184	7 602
230	Nærmiljoanlegg Sjernarøy oppvekstsenter	KS-094/17	140	140	684	684
170	Nye Stavanger - anskaffing/fornyng av IT-løysingar	KS-094/17	500	200	0	0
231	Fogn oppvekstsenter - sykkelskur/uværsskur	KS-094/17	250	250	369	369
232	Talje barnehage - nytt leikeapparat	KS-094/17	150	150	150	150
760	Teknisk lager - utbygging	KS-094/17	5 000	500	0	0
870	Uteanlegg Halsnøy barnehage	KS-048/18	145	145	181	181
298	Kunstgrasbane Sjernarøy	KS-094/17	1 000	1 000	0	0
	Sum investeringar		76 635	33 685	3 368	10 984

- Prosjekt 737 - brannstasjon - nybygg**
 Budsjettmiddel overført til 2019. Kontrakt signert januar 2019.
- Prosjekt 379 - Finnøy pleie- og omsorgssenter - utbygging**
 Avsette middel er nytta til planleggingsarbeid. Finnøy kommune kjøper bistand til prosjektleiing frå Stavanger kommune. Romprogram er vedtatt i FSK-080/18. Planlagt framdrift er i tråd med gjeldande økonomiplan.
- Prosjekt 300 – Finnøy pleie- og omsorgssenter – pasientvarslingssystem**
 Pasientvarslingssystemet er oppgradert i tråd med tiltaket i regulert budsjett.
- Prosjekt 724 - Skartveit kai**
 Ikkje utført grunna uavklarte eigarforhold. Tiltak og middel overført til 2019.
- Prosjekt 765 - vegskilting - ikkje-landfaste øyar**
 Prosjektet gjeld vegnamn og vegskilting på dei ikkje-landfaste øyane, og arbeidet omfattar m.a. eit større matrikkelarbeid knytt til adressetildeling. Matricula er engasjert for å bistå kommunen i dette arbeidet. Prosjektet starta opp hausten 2018 og planlagt framdrift er i tråd med gjeldande økonomiplan.

- **Prosjekt 295 - Hesby barnehage, byggetrinn II**
Ikkje starta opp, fjerna frå vedtatt budsjett og økonomiplan 2019-2022 då behovet for nye barnehageplassar er lågare enn prognosane.
- **Prosjekt 752 - gatebelysning - kvikksølvskifte**
Kvikksølvskifte er utført i tråd med budsjett.
- **Prosjekt 161 - Rygjabø - kjøp av eigedom**
Rygjabø vart kjøpt i des. 2017, men kostnadar til tinglysingsgebyr er kostnadsført i 2018.
- **Prosjekt 230 - nærmiljøanlegg - Sjernarøy oppvekstsenter**
Det nye anlegget er ferdigstilt, etter godt samarbeid mellom Sjernarøy idrettslag, Sjernarøy oppvekstsenter, Finnøy kommune og andre bidragsytarar.
- **Prosjekt 170 - nye Stavanger - anskaffing/fornyng av IT-løysingar**
Det blei løyvd kr 0,5 mill. til anskaffing og fornyng av IT løysingar som konsekvens av kommunesamanslåinga. Så langt er dette dekket av sentrale middel i nye Stavanger. Unyttet middel er overført til 2019 med tanke på konkrete anskaffingar på IT-løysingar.
- **Prosjekt 231 - Fogn oppvekstsenter - sykkelkur/uværsskur**
Det var løyvd kr 0,25 mill. i investeringsbudsjettet. Skuret stod ferdig i desember 2018 og rekneskapen syner kr 0,29 mill. ekskl. mva., altså eit lite meirforbruk på kr 0,06 mill.
- **Prosjekt 232 - Talgje barnehage - nytt leikeapparat**
Talgje barnehage har fått nye leikeapparat og fleire tilhøyrande leiker som òg er eigna for yngre barn. Prosjektet hadde ein totalkostnad på kr. 0,15 mill.
- **Prosjekt 760 - teknisk lager – utbygging**
Prosjektet er planlagt starta opp i 2019. Avsette middel er tenkt nytta til kartleggings-/planleggingsarbeid, i første omgang for å få vurdert behov og lokalisering opp mot nye Stavanger.
- **Prosjekt 870 – uteanlegg Halsnøy barnehage**
Dette er eit tiltak som vart teke inn i revidert investeringsbudsjett 2018. Midla er nytta til oppgradering av leikeområde. Det er utført grunnarbeid på bakkenivå og sett opp nye leikeapparat tilpassa aldersgruppa 1-6 år.
- **Prosjekt 298 - kunstgrasbane Sjernarøy**
Det vart løyvd kr 1 mill. til kunstgrasbane på Sjernarøy. Prosjektet vart forseinka. Det kommunale tilskotet er, i tråd med søknad overført til investeringsbudsjett 2019.

7.1.2 Investeringar - vatn og avløp

Prosjektnr.	Investering	Vedtak	Sum prosjekt	Budsjett 2018	Forbruk pr. 31.12.18	Akk. forbruk pr. 31.12.18
726	Oppgradering slamavskiljar Judaberg	KS-093/14	14 000	13 500	6 411	7 121
733	Vatnforsyning Bjergøy	KS-086/16	9 350	0	76	5 092
673	Sjernerøy - vassutbygging - etappe 8-9; Furre - Nygård - Nesheim	KS-086/16	9 350	200	1 956	13 783
673	Sjernerøy - vassutbygging, etappe 10; Kyrkja - Lund	KS-030/15	5 100	4 900		
745	Utskifting vasskummar	KS-080/15	3 000	750	256	1 254
748	Utskifting av vatnledning Fåhaldet	KS-086/16	6 250	0	106	5 494
753	Vannledning Leirå, Judaberg	KS-086/16	625	625		
757	Dubléring Berge - Nærland	KS-086/16	6 250	3 125		
754	Oppgradering pumpeastasjonar, vatn	KS-086/16	2 250	562	249	249
755	Utbygging DK-anlegg	KS-086/16	625	625	248	248
81	Oppgradering vassforsyning Sørvåg-Selvåg	KS-086/16	250	0		
82	Ny sjøleidning Helgøy - Nord-Hidle	KS-086/16	3 125	0		
83	Ny sjøleidning Bjergøy - Nord-Hidle	KS-086/16	5 000	0		
84	Leidningsanlegg Nord-Hidle	KS-086/16	625	0		
85	Ny sjøleidning Nord-Hidle - Halsnøy	KS-086/16	6 250	0		
86	Leidningsanlegg Halsnøy	KS-086/16	625	0		
756	Ny pumpeleidning Leirå	KS-086/16	375	375		
758	Sanering Judaberg - spillvassystem	KS-086/16	940	940	419	419
759	Ny avløpsplan Fårasundet	KS-086/16	250	250		
87	Ny slamavskiljar Näden/Kvame	KS-086/16	2 500	0		
	Sum investeringar		76 740	25 852	9 721	33 660

- **Prosjekt 726 - oppgradering slamavskiljar Judaberg**
Prosjektet er gjennomført og avslutta i 2018, innanfor budsjett.
- **Prosjekt 733 – Vatnforsyning Bjergøy**
Kostnader i 2018 er knytt til ferdigstilling av dreosanlegg på ei mark, for vått i 2017.
- **Prosjekt 673 - Sjernerøy - vassutbygging - etappe 8-9; Furre - Nygård - Nesheim**
Prosjektet er avslutta i 2018, innanfor budsjett.
- **Prosjekt 673 - Sjernerøy - vassutbygging, etappe 10; Kyrkja - Lund**
Prosjektet starta på hausten 2018 og avsluttast februar 2019 innanfor budsjett.
- **Prosjekt 745 - utskifting vasskummar**
Dette prosjektet går over 4 år med avslutning i 2019, ligg førebels innanfor budsjett.
- **Prosjekt 748 – Utskifting vatnledning Fåhaldet**
Kostnader i 2017 er knytt til ferdigstilling av pumpeastasjon samt sluttdokumentasjon
- **Prosjekt 753 – vassledning Leirå, Judaberg**
Prosjektet er utsett i påvente av ein reguleringsendring.
- **Prosjekt 757 - dubléring Berge - Nærland**
Prosjektet er utsett, ny vurdering vart gjennomført etter 2020.
- **Prosjekt 754 - oppgradering pumpeastasjonar, vatn**
Dette prosjektet går over 4 år med avslutning i 2019, ligg førebels innanfor budsjett.
- **Prosjekt 755 - utbygging DK-anlegg**
Prosjektet går parallelt med prosjekt 754, avsluttast i 2019 og ligg førebels innanfor budsjett.
- **Prosjekt 81 - Oppgradering vassforsyning Sørvåg - Selvåg**
Prosjektet er ikkje starta opp, vurdert flytta til 2020.
- **Prosjekt 82 - Ny sjøleidning Helgøy - Nord-Hidle**
Forprosjekt starta opp februar 2019, anleggstart og gjennomføring 2019-2020.

- **Prosjekt 83 - Ny sjøleidning Bjergøy - Nord-Hidle**
Forprosjekt starta opp februar 2019, anleggstart og gjennomføring 2019-2020.
- **Prosjekt 84 - Leidningsanlegg Nord-Hidle**
Forprosjekt starta opp februar 2019, anleggstart og gjennomføring 2019-2020.
- **Prosjekt 85 - Ny sjøleidning Nord-Hidle - Halsnøy**
Ligg inne i hovudplan med oppstart i 2020.
- **Prosjekt 86 - Leidningsanlegg Halsnøy**
Ligg inne i hovudplan med oppstart i 2020.
- **Prosjekt 756 - Ny pumpeleidning Leirå**
Prosjektet er utsett i påvente av ein reguleringsendring.
- **Prosjekt 758 - Sanering Judaberg - spillvassystem**
Prosjektet er starta opp i januar 2019, ferdigstilling september 2019.
- **Prosjekt 759 - Ny avløpsplan Fårasundet**
Ikkje påbegynt.
- **Prosjekt 87 - Ny slamavskiljar Nåden/Kvame**
Ligg inne i hovudplanen med oppstart i 2020.

8 Vedlegg

8.1 Vedlegg 1: Signert årsrekneskap med noter

- Driftsrekneskapen
- Investeringsrekneskapen
- Balanserekneskapen
- Noter

8.2 Vedlegg 2: Revisjonsberetning 2018 frå Rogaland revisjon IKS